Høgskolen i Telemark

# Rapport og planar (2008-2009)

# Høgskolen i Telemark

**Fastsett av styret**
**26. februar 2009**

# Innhald

1. **Innleiing ............................................................ 3**

2. **Resultatrapportering for 2008 ............................................ 8**

3. **Planar for 2009 ........................................................35**

   **3.1 Plan for verksemda i 2009 ............................................35**

   **3.2 Plan for tildelt løyving for 2009 ....................................41**

**Vedlegg**

**1. Skjema for risikovurdering**

**2. Rapport 30.01.09 om oppfølgingsplan for evaluering av allmennlærar-utdanninga ved Høgskolen i Telemark**

# 1. Innleiing

## 1.1 Om Høgskolen i Telemark

Høgskolen i Telemark (HiT) blei etablert 1. august 1994 gjennom samanslåing av tidlegare Telemark distriktshøgskole, Bø, Telemark ingeniørhøgskole, Porsgrunn, Telemark lærarhøgskole, Notodden/Rauland, og Telemark sjukepleiarhøgskole, Skien.

HiTs fellesadministrasjon ligg i Porsgrunn. Mellom Porsgrunn og Rauland, dei geografiske ytterpunkta, er det 160 km.

HiT er den fjerde største av dei 23 statlege høgskolane. Talet på registrerte studentar hausten 2008 var 5 112. Det er ein auke på 92 studentar frå året før.

HiT er inndelt i følgjande fire avdelingar (forkortingar, geografisk lokalisering og fastsett resultatmål for talet på 60-studiepoengseiningar i 2009 i parentes):

- Avdeling for allmennvitskaplege fag (AF, Bø, 1 220)
- Avdeling for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning (EFL, Notodden/Porsgrunn/Rauland/Drammen, 1 410)
- Avdeling for helse- og sosialfag (HS, Porsgrunn, 780)
- Avdeling for teknologiske fag (TF, Porsgrunn, 540)

Styret har på fagleg grunnlag oppretta grunneiningar (institutt) ved alle avdelingane i høgskolen.

Den faglege verksemda ved HiT er variert og omfattande. HiT kan tildele følgjande grader, som gjev rett til tilsvarande tittel, og yrkesutdanningar:

Grader:

- Høgskolekandidat (normert studietid 2 år)
- Bachelor (normert studietid 3 år)
- Master (normert studietid 2 år)

Yrkesutdanning:

- Allmennlærarutdanning (normert studietid 4 år)
- Faglærarutdanning (normert studietid 4 år)

Innan teknologiske fag er det tilbod om doktorgradsutdanning i samarbeid med Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU) og utanlandske lærestader. Høgskolen har sendt søknad til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) om akkreditering av doktorgradsutdanning i Prosess-, energi- og automatiseringsteknikk.

Hovudtyngda av den ordinære undervisninga blir gjeven på dei faste studiestadene (Bø, Notodden, Porsgrunn og Rauland), men høgskolen tilbyr òg desentralisert førskolelærarutdanning i Drammen og desentralisert vernepleiarutdanning i Borre i Vestfold. Etter vedtak i styret og godkjenning i Kunnskapsdepartementet (KD) blir den desentraliserte vernepleiarutdanninga trappa ned og avslutta i løpet av studieåret 2008/2009 med overføring av tilsette og studentar til HiT-Porsgrunn. Frå hausten 2003 har høgskolen hatt tilbod om allmennlærarutdanning i Drammen i samarbeid med Høgskolen i Buskerud, som no har sagt opp samarbeidsavtalen på dette området. HiT er òg fagleg ansvarleg for ex.phil.-/ex.fac.-utdanning og for nokre andre fagområde i utlandet gjennom ein samarbeidsavtale med Gateway College. HiT har dessutan eit stadig aukande tilbod av tradisjonell og nettbasert fjernundervisning.

HiTs forskings- og utviklingsverksemd (FoU) treng å styrkjast når det gjeld forskingsleiing og forskingskultur, sjølv om fleire sterke forskingsmiljø hevdar seg godt mellom dei statlege høgskolane i konkurransen om forskingsmidlar. Formidlingsverksemda er omfattande.

Høgskolen freistar medvite å styrkje og utvide samfunnsrolla si, og legg særleg vekt på samfunns- og næringsliv i Telemarksregionen. Det er inngått fleire samarbeidsavtalar baserte på samvirke mellom høgskolen, næringslivet og regionale styresmakter. Gjennom eksterne referansegrupper som er knytte opp mot de ulike avdelingane sine studieprogram, arbeider høgskolen for å gjere studieprogramma endå meir relevante.

Samarbeidsrelasjonane til andre høgare lærestader nasjonalt og internasjonalt er gode og omfattande. Den internasjonalt orienterte verksemda har i seinare tid fått auka vekt og omfang.

HiT har etablert eit velfungerande støtteapparat rundt den faglege verksemda. Den bygnings- og anleggsmessige standarden er i all hovudsak god, bibliotektenestene held høg kvalitet, og IT-infrastrukturen er solid og stabil.

## 1.2 Rapportering om arbeidet i styret

Styret er HiTs øvste organ. Det er samansett av 11 medlemer, av dei fem interne, fire eksterne og to studentar. Rektor er styreleiar. Høgskoledirektøren er styresekretær. Med grunnlag i ekstern evaluering, eiga utgreiing og intern høyring fastsette styret slik samansetjing, noverande leiarstruktur og intern organisering av høgskolen 27.10.06. Styret ser inntil vidare på dette som ei tenleg styresamansetjing, som på ein god måte tek omsyn til behovet for både ekstern og intern legitimitet. Styret fungerer òg godt som kollegialt organ. Styret har likevel bede om at det blir lagt fram ei sak om styring og leiing av høgskolen i god tid før noverande funksjonsperiode går ut for å få vurdert om det trengst endringar på dette området.

I denne funksjonsperioden har styret så langt lagt stor vekt på strategisk arbeid, med gjeldande styringsfilosofi i staten (mål- og resultatstyring med integrert risikostyring/-vurdering) som fundament for arbeidet. Sentralt har stått tema som rullering av strategisk plan for perioden 2005-2009, opplegg for arbeidet med ny strategisk plan for høgskolen for perioden 2010-2014, arbeid med utviklingsliner for høgskolen dei næraste åra, og institusjonelt nettverkssamarbeid. Styret har her hatt merksemd retta mot fagleg profilering med nærare vurdering av utvikling i høgd og/eller breidd (balanse mellom bachelor- og master-/doktorgradsstudium og etablering av professorat), studiestadutvikling, universitetsetablering, fastsetjing av studieprogram og resultatkrav, samarbeid mellom avdelingane internt i høgskolen, og internt og eksternt samarbeid med val av Universitetet i Agder som hovudsamarbeidspart dei næraste åra.

På styreseminar i Kristiansand (med deltaking frå Universitetet i Agder) og i Oslo (med deltaking frå Universitetet for miljø- og biovitskap) har det strategiske arbeidet med universitetsetablering og institusjonelt nettverkssamarbeid vore sett på dagsorden. Under eit planlagt seminar våren 2009 i Bodø (med deltaking frå Høgskolen i Bodø) vil dette arbeidet bli ført vidare.

Styret har merka seg tilbakemelding frå etatsstyringsmøte i KD om ønskjeleg auka tildeling til HiT av forskingsmidlar frå Noregs forskingsråd (Forskingsrådet) og behovet for å auke omfang og resultat av eksternt finansiert verksemd. Dette har resultert i fastsetjing av strategiar og tiltak på desse områda. Det har m.a. blitt lagt til rette for etablering av to forskingsklyngjer innan gass- og energisystem og kultur- og kulturpolitikkforsking. Vidare har det administrative støtteapparatet for bidrags- og oppdragsfinansierte aktivitetar blitt gjennomgått, og styret har peika ut ei eining ved EFL med samla administrativt ansvar i høgskolen for slike aktivitetar retta mot skolesektoren. Styret har òg fastsett nye retningsliner for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet.

Styret har elles sett det som viktig å medverke til å styrkje den fagleg-vitskaplege forskingsleiinga i høgskolen, og har i den samanhengen oppretta og fastsett mandat for eit eige FoU-utval leia av rektor.

Drøfting av arbeidet med studie- og forskingskvalitet har vore tema i fleire omgangar i styret, m.a. ved behandling av eksterne og interne evalueringar og godkjenning av årsrapportar om læringsmiljø, studiekvalitetsarbeidet og internasjonalisering.

Korleis planarbeidet kan nyttast strategisk og korleis kravet til god styringsinformasjon kan oppfyllast best mogeleg, har blitt drøfta under behandling av styresaker om fastsetjing av risikopolicy for høgskolen, fastsetjing av betre ordningar for plan- og rapporteringsarbeidet, og statusrapport for HiT 2007 – nøkkeltal.

Strategisk styring i samband med rekneskapsarbeid og budsjettering har stått sentralt ved behandling av eigne saker om årsrekneskap, evaluering av høgskolens budsjettfordelingsmodell, utarbeiding av budsjettframlegg, fordeling av tildelt budsjett med fastsetjing av resultatkrav, og langtidsbudsjett for perioden 2010-2013. Styret har lagt vekt på å forvalte og disponere dei økonomiske ressursane effektivt og målretta slik at både KDs årlege resultatkrav blir oppfylde og langsiktige strategiar og utviklingsliner blir følgde.

Likestillingsarbeidet har munna ut i ny handlingsplan for likestilling i høgskolen. Styret har òg fastsett ny handlingsplan for studentar med nedsett funksjonsevne. Slik styret ser det, gjev begge planar retning til det strategiske arbeidet på desse områda.

For m.a. å sikre ein god balanse mellom faglege og administrative ressursbehov og å sørgje for at administrasjonen er godt tilpassa strategiske, faglege prioriteringar, har styret dessutan gått gjennom og gjort vedtak om høgskolens administrasjonsordning.

Styret er godt nøgd med at HiT i 2008 ikkje har motteke vesentlege kritiske merknader frå Riksrevisjonen, men er kjent med og støttar opp under leiinga sitt arbeid for at høgskolen fullt ut skal etterleve regelverk for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet, for offentlege innkjøp, og for tidsregistrering og dokumentasjon ved utbetaling av overtidsgodtgjersle.

Styret meiner å kunne slå fast at HiTs strategiar og faglege utvikling er i samsvar med dei måla som er fastsette av KD og Stortinget.

## 1.3 Rapportering om forvaltning av fullmakter

Delegert mynde frå sentrale styresmakter har i seinare år gjeve styret utvida handlingsrom på ei rekkje område, organisatorisk, fagleg, personalpolitisk og økonomisk. Fullmaktene har vore nytta i strategisk styring av høgskolen slik dette har vore funne tenleg.

### *Faglege fullmakter*

Det er styret si oppgåve å trekkje opp strategien for HiT si faglege verksemd og utvikling innanfor dei rammene som er gjevne av overordna organ. Det inneber at HiTs styre har fullmakt både til å godkjenne etablering av studium på lågare grads nivå og til å vedta at det blir søkt NOKUT om akkreditering og KD om godkjenning av etablering av studium på høgare grads nivå.

I denne funksjonsperioden har det overordna, langsiktige målet i HiTs strategiske plan vore ambisjonen om å få universitetsstatus innan 2013, anten åleine eller saman med andre. Styret har derfor i denne perioden lagt vekt på å føre vidare arbeidet med å utvikle nødvendige doktorgradsstudium og ein fagleg basis for desse.

Styret har elles i perioden vedteke å søkje om akkreditering av mastergradsstudium i opplevingsøkonomi og mastergradsstudium i pedagogikk med vekt på didaktikk og leiing. Vidare har styret vedteke å etablere eit nettbasert mastergradsstudium i formgjeving, kunst og handverk og etablering av til saman ni årsstudium og tre studium av kortare lengd. Samstundes har styret vedteke å leggje ned eitt bachelorgradsstudium og fire årsstudium.

Styret har i denne perioden initiert ein brei gjennomgang av HiTs studieportefølje. Målsetjinga med gjennomgangen er m.a. å prøve å redusere omfanget av porteføljen og å skaffe eit grunnlag for arbeidet med strategisk plan for perioden 2010-2014.

Styret meiner å kunne slå fast at fleirtalet av dei studia som det er vedteke å etablere i perioden, vil kunne stø opp om dei doktorgradsstudia HiT er i ferd med å utvikle. Styret vil likevel samstundes peike på at det i liten grad er vurdert å leggje ned studietilbod som har mindre relevans for doktorgradsstudia. Samla sett er det òg gjort vedtak om fleire nyetableringar enn nedleggingar i perioden. Styret meiner at resultatet av den pågåande gjennomgangen av studieporteføljen vil kunne hjelpe til med å utvikle ein meir heilskapleg portefølje med ein klarare fagprofil.

*Personalpolitiske fullmakter*

Styret er godt nøgd med det utvida handlingsrommet som institusjonane har fått på det personalpolitiske området i dei seinare åra, utan at det kan peikast på konkrete vedtak som er gjorde eller tiltak som er gjennomførte i 2008 med basis i dei fullmaktene som er gjevne.

*Økonomiske fullmakter*

Fullmaktene knytte til økonomi er etter styret sitt syn svært tenlege. Nettobudsjettering gjev eit godt grunnlag for å tenkje heilskap for høgskolen, der m.a. inntekter og utgifter kan sjåast i samanheng slik at handlingsrommet kan utnyttast betre. Dette gjev ei friare fordeling mellom drift og investeringar, og kan gje effektiviseringsvinstar ved å gjere det mogleg å vurdere drifts- og investeringsmidlar i samanheng med eksterne midlar.

Høgskolen hadde eigarinteresse i berre tre aksjeselskap i 2008. Eigarinteressa i selskapet Fagkontoret for hjort AS vart avvikla i 2008, og eigarinteressa i selskapet Etnisk Musikklubb AS vil no bli avvikla. Høgskolen vil vidareføre eigarinteressa i selskapet Vitenl@ben AS.

## 1.4 Om resultatrapport 2008 og årsplan 2009

Dokumentet Rapport og planar (2008-2009), som med dette blir lagt fram, byggjer på retningsliner gjevne m.a. i KDs løyvingsbrev til HiT for 2008 og 2009 med tilhøyrande rapporteringskrav.

Resultatrapporten for 2008 byggjer på HiTs årsplan for 2008 og på KDs rapporteringskrav. Når det gjeld dei resultata HiT oppnådde i 2008, vil styret særleg framheve:

- Studentrekrutteringa var i 2008 samla sett tilfredsstillande og auka noko samanlikna med 2007. Det var likevel framleis store variasjonar mellom fagområda.
- Både den samla studiepoengproduksjonen og studiepoengproduksjonen per student auka i 2008. Dette vert vurdert som tilfredsstillande.
- Arbeidet med å få etablert eit universitets- og kompetansefond i Telemark går framleis seinare enn rekna med. Rekrutteringa av høgt kvalifisert vitskapleg personale til ledige professorat er som tidlegare ei utfordring.
- Arbeidet med internasjonalisering i høgskolen er i god utvikling. Aktivitetane aukar og breidda i aktivitetane er stor. Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande) hadde ein svak nedgang frå 154 i 2007 til 147 i 2008.
- Arbeidet med ei vidareutvikling av høgskolen sitt kvalitetssikringssystem har vore intensivert, men m.a. prosentdelen av studentar som deltek i evaluering av undervisninga, var lågare enn ønskjeleg (32 %).

- Høgskolen fekk auka rammer i 2009 m.a. som følgje av ei positiv utvikling i talet på publikasjonspoeng i 2007. I 2008 er det derimot ein reduksjon i talet på publikasjonspoeng.

- Innan formidling og samarbeid med regionalt samfunns- og næringsliv er aktiviteten framleis stor, og engasjementet er breitt og omfattande. Styret har merka seg at det i 2008 var ein svak auke innan eksternt finansiert verksemd når det gjeld omfang, medan resultatet var om lag på same nivå som i 2007. Potensialet er framleis truleg ikkje i tilstrekkeleg grad utnytta, og styret har stor merksemd retta mot dette området.

- Styret er elles tilfreds med at det vert lagt vekt på å sikre ein god intern kontroll i høgskolen. Det blir arbeidd aktivt med implementering av gode ordningar for risikovurdering, observerte veikskapar i økonomiforvaltninga vert det teke tak i, miljøleiing vert søkt integrert i høgskolens verksemd, forvaltninga av bygningar og lokale er god, og føringar på IKT-området vert følgde opp.

Årsplanen for 2009 har blitt utforma etter mal for målstrukturen for statlege høgskolar slik denne kjem til uttrykk i KDs løyvingsbrev av 18.12.08. Det har blitt lagt vekt på oppnådde resultat for 2008 og høgskolens eigne risikovurderingar under utarbeidinga av årsplanen. I planen er elles rammer og føresetnader som er spesifiserte i St.prp. nr. 1 (2008-2009) lagde til grunn, saman med føringar i høgskolens strategiske plan. Planen vil bli nytta gjennom budsjettåret som eit leiarverktøy i arbeidet for å nå strategiske mål for høgskolen. Det vil bli utarbeidd eigne delplanar/tiltaksplanar for HiTs fire avdelingar og for fellestenestene.

Rektor og høgskoledirektøren har eit overordna ansvar for at årsplanen blir følgd opp.

## 2. Resultatrapportering for 2008

### Sektormål 1

*Høgskolane skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.*

### Utvalde område

*HiT skal vidareutvikle kvalitetssikringssystemet og sørgje for at systemet blir forankra i fagmiljøa.*

På leiarnivå og mellom administrativt tilsette er rutinane som inngår i kvalitetssikringssystemet godt forankra. Rutinane som inngår i kvalitetssikringssystemet, er kjende også i fagmiljøa. Utfordringane her ligg i all hovudsak i gjennomføring av emneevalueringar og oppfølging av desse. Eit vidareutvikla elektronisk system for registrering av avvik og forbetringar blei innført i mai 2008. Systemet er nytt og under implementering. Det er fokus på systematisk oppfølging av registrerte hendingar og framlegg i ulike fôra, og oppfølginga blir stadig betre.

I 2008 starta eit arbeid for å revidere og vidareutvikle kvalitetssikringssystemet. Arbeidet er forankra i leiargruppa. Kvalitetsarbeidet ved institusjonen er organisert i lina. Det er blitt utpeika ein person ved kvar avdeling med spesielt ansvar for kvalitetssikring.

*HiT skal gjere synleg korleis kvalitetssikringssystemet vert nytta strategisk i arbeidet for å auke kvaliteten i utdanninga.*

Strategiar for kvalitetssikringssystemet og arbeidet med studiekvalitet, inkludert finansiering og ressursfordeling, er omtala i Strategisk plan for HiT for perioden 2005-2009. Årsrapport om læringsmiljøet og årsrapport om kvalitetsarbeidet blir kvar haust lagt fram for styret slik at det kan takast omsyn til aktuelle tiltak ved budsjettfordelinga. Ved å registrere avvik og forslag til forbetringar systematisk, kan ein avdekkje problemområde på alle nivå i organisasjonen og strategiske tiltak kan setjast i verk. Vidareutviklingsarbeidet som er planlagt for kvalitetssikringssystemet, vil på sikt integrere kvalitetssikring i alle delar av organisasjonen, og vil vere ein lekk i høgskolen sitt arbeid for å få universitetsstatus.

*HiT skal gå gjennom høgskolens strategi for utvikling av fagporteføljen og fagprofilen, herunder vurdere breidd versus djupn, omsynet til små og utsette fag, relevans m.v.*

HiT starta tidleg i 2008 ein brei gjennomgang av studieporteføljen på alle nivå. Formålet med gjennomgangen er m.a. å sikre god og stabil rekruttering til ein studieportefølje med god relevans og høg kvalitet, og med god økonomisk bereevne. Studieporteføljen skal vidare søkjast redusert i omfang, og det skal utviklast ein modell for å lette overvaking av den økonomiske utviklinga - særleg for studieprogram med svak inntening. Vidare vil gjennomgangen av studieporteføljen kunne utgjere eit viktig underlag for arbeidet med strategisk plan for HiT for perioden 2010-2014. Gjennomgangen har vist seg meir krevjande enn først venta, og blei ikkje fullført i 2008.

*HiT skal utvikle strategien for arbeidet med internasjonalisering slik at den medverkar til å utvikle den faglege verksemda.*

HiT har internasjonalisering som eit sentralt satsingsområde. I 2008 har HiT prioritert midlar for å auke personalutvekslinga – særleg mot sentrale samarbeidspartnarar, ut frå tanken om at personlege relasjonar er heilt sentrale for å få etablert eit fagleg samarbeid. Det blir no satsa meir på å få til studentutveksling på

mastergradsnivå, mellom anna av di ein reknar med at slik utveksling vil verke positivt på innhaldet i det internasjonale samarbeidet og skape grunnlag for FoU-samabeid. Kriteria for reisestønad frå Internasjonalt utval er endra, mellom anna for å gje rom for stønad til reiser retta mot FoU-samarbeid. Det blir arbeidd for å få til engelske modular i ordinære utdanningar for å trekkje dei utanlandske studentane inn i ordinære emne og auke samhandlinga mellom dei og dei norske studentane. Det vil òg opne vegen for å bruke fleire utanlandske gjesteforelesarar. I sist studieår blei det arrangert eit internt seminar for m.a. faglege leiarar og andre interesserte med vekt på internasjonalt utdanningssamarbeid (nettverk, felles intensive program, felles (doble) grader og emne m.v.). Dei kvalitative sidene ved internasjonalisering vil vere tema i arbeidet med revisjon av HiTs strategiske plan.

*HiT skal utvikle vidare bindande samarbeid mellom høgskolen og praksisstadene, både i spesialist- og primærhelsetenesta, og kvalitetssikringa av studentane sin praksis.*

I rapporten for 2007 viste HiT til samarbeidsavtalar med primærhelsetenesta og med spesialisthelsetenesta om praksisundervisning og om gjennomføring av prosjekt i den samanhengen. Utviklinga av dette samarbeidet med praksisstadene er ført vidare i 2008 m.a. ved at ordninga med referansegrupper for bachelorgradsstudia i helse- og sosialfag er utvikla vidare. I samband med etableringa av Senter for omsorgsforsking Sør har HiT auka prosjektsamarbeidet med både primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta innan Omsorg 2015, som er eit satsingsområde for HiT.

*HiT skal gjennomføre planen for oppfølging av NOKUTs evaluering av allmennlærarutdanninga.*

Det blir vist til rapport for status for tiltak i HiTs oppfølgingsplan for allmennlærarutdanninga, som følgjer som vedlegg til Rapport og planar (2008-2009) for Høgskolen i Telemark.

## Eigendefinerte utvalde område

*Søkjar- og opptakstala skal haldast på 2006-nivå i helse- og sosialfaga, i lærarutdanningane, i ingeniørutdanningane og i realfaga.*

Helse- og sosialfaga:
Søkninga til helse- og sosialfaga gjekk i 2007 noko ned i høve til 2006. I 2008 var søkninga noko høgare, men ikkje heilt på nivå med tala for 2006. Opptakstala var likevel på same nivå som i 2006 sidan det framleis er konkurranse om å bli teken opp på desse studia. Vidareutdanningane hadde søkjar- og opptakstal nær 2006-nivået. Mastergradsstudiet, som vart starta opp i 2007, hadde ein nedgang på 40 % i talet på søkjarar, medan opptaket blei halvert.

Lærarutdanningane:
Nedgangen i søkjar- og opptakstala til lærarutdanningane held fram, men ikkje så markert som frå 2006 til 2007. Førskolelærarutdanninga hadde auka søkjar- og opptakstal samanlikna med 2006, og det var på deltidsstudiet og ved studiestad Drammen at tala auka. Praktisk-pedagogisk utdanning hadde i 2008 eit søkjartal på 75 % av 2006-nivået. Det var heiltidsstudiet som hadde nedgang i søkjartalet.

Ingeniørutdanningane:
Talet på søkjarar til ingeniørutdanningane gjennom SO hadde i 2008 ein auke på 12 % i høve til 2006-nivået, men ein nedgang i høve til søkjartalet i 2007. Det er maskin- og kjemistudia som går attende. Opptakstala er stabile. Ingeniørutdanningane rekrutterer framleis godt lokalt. Talet på søkjarar til Y-veien ligg på same nivå som i 2007, medan søkninga til tresemesterordninga har gått ned frå 2007, og ligg på 89 % av 2006-nivået. Mastergradsstudia rekrutterer godt, med ein auke på 65 % i høve til 2006-nivået. Studia blir underviste på engelsk, og berre 13 % av søkjarane i 2008 var norske.

Realfaga:
Informatikkstudiet auka talet på søkjarar med 57 % i høve til 2006-nivået. Dette skuldast i hovudsak det nyoppretta årsstudiet i informatikk i Porsgrunn, som hadde 16 søkjarar. Natur- og friluftslivsstudia har nesten halvert talet på søkjarar, medan bachelorgradsstudia i økologi og naturressursar og forureining og miljø har auka talet på søkjarar frå 7 til 45. Opptak for realfagstudia har auka med 40 % sidan 2006.

*HiT skal søkje om å få tildelt ECTS (European Credit Transfer System) label, dersom ordninga held fram.*

HiT har sendt søknad om fornying av DS-label. Eit stort arbeid har også vore gjort for å førebu søknad om ECTS-label, m.a. ved å omsetje studie- og emneomtalar til engelsk, organisere studentretta informasjon på engelsk på heimesidene til HiT, og elles ivareta dei omfattande krava som blir stilte til ein slik søknad. Det synte seg at arbeidet blei for ressurskrevjande, så det blei bestemt å ikkje sende søknad no. Men det skal arbeidast vidare internt i HiT med å leggje ECTS-krava til grunn for forbetrings- og kvalitetsarbeidet slik at det kan søkjast om ECTS-label ved neste høve.

## Utdanning

*Verksemdsmål 1.0 (eigendefinert)*

*Høgskolen i Telemark (HiT) skal vere universitet innan 2013, anten åleine eller saman med andre.*

Det blei ikkje avklart i 2008 om planane for universitetsutvikling skal førast vidare med HiT åleine som planfundament eller om universitetsambisjonane skal søkjast realiserte gjennom samarbeid med andre høgskolar. Det blei likevel inngått ein avtale med Universitetet i Agder om institusjonelt nettverkssamarbeid.

Målet om å søkje Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) om akkreditering av doktorgrads-studium i kulturstudiar og i økologi blei ikkje nådd.

Arbeidet med å få godkjent doktorgradsstudium i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk (i Rapport og planar (2007-2008) for Høgskolen i Telemark omtalt som doktorgradsstudium i gass- og energisystem) har nå resultert i at NOKUTs styre 26.02.09 har akkreditert studiet.

Rapport frå fase 1 i arbeidet med å utvikle doktorgradsstudium i helsefremjande arbeid (tidlegare omtala som doktorgradsstudium i førebyggjande helsearbeid) blei lagt fram. Ei vidareføring av arbeidet (fase 2) vil bli avklart ved styret si handsaming av rapporten.

Målet om å etablere eit universitets-/kompetansefond med tilsegn om 75 mill. kroner ved utgangen av 2008 blei ikkje nådd. Det er no tilsett ein prosjektdirektør som skal ha ansvar for det vidare arbeidet med ekstern finansiering av universitetssatsinga og etableringa av eit frittståande kompetanse-, universitets- og forskingsfond for Telemark.

HiT sette i 2008 av 5,86 mill. kroner som strategisk satsing til planlegging og realisering av doktorgrads- og mastergradsstudia.

*Verksemdsmål 1.1*

*Høgskolen i Telemark skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnet sitt behov.*

| Styringsparameter | Resultat | | | | Resultatmål 2008 |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | |
| Talet på primærsøkjarar per studieplass | 1,79 | 1,45 | 1,71 | 1,56 | 1,48 |
| Talet på uteksaminerte kandidatar fordelte på utvalde område | | | | | |
| • sjukepleie | 78 | 102 | 112 | 109 | 114 |
| • vernepleie | 70 | 56 | 90 | 50 | 90 |
| • allmennlærar | 85 | 94 | 82 | 101 | 80 |
| • førskolelærar | 78 | 87 | 96 | 92 | 115 |
| • ingeniørutdanning | 97 | 84 | 76 | 96 | 100 |
| **Styringsparametrar fastsette av høgskolen** | | | | | |
| Primærsøkjarar i Samordna opptak | 2081 | 2098 | 2437 | 2269 | 2200 |
| Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) | 4572 | 4443 | 4503 | 4669 | 4642 |
| Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar | 71 | 98 | 67 | 82 | 100 |
| Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar | 689 | 659 | 718 | 692 | 720 |

HiT meiner at dette verksemdsmålet i all hovudsak blei nådd i 2008. Høgskolen har vore blant dei best søkte høgre utdanningsintitusjonane dei seinare åra (den niande best søkte både i 2007 og 2008 målt i primærsøkjarar gjennom SO). Like fullt blei det, som alt nemnt, i 2008 starta opp ein gjennomgang av høgskolens studieportefølje som mellom anna har som mål å sikre studieprogram med god relevans og høg kvalitet og stabil rekruttering av vel kvalifiserte studentar. Dette arbeidet vil bli fullført i 2009. Som det går fram av resultata i 2008 sett i høve til fastsette resultatmål for dei ulike styringsparametrane, blei dei fleste resultatmåla under dette verksemdsmålet oppfylte eller nesten oppfylte.

Talet på primærsøkjarar i SO gjekk ned frå 2 437 i 2007 til 2 269 i 2008, ein nedgang på 168 søkjarar, men søkjartalet låg likevel over resultatmålet for 2008 (2 200). Nedgangen skuldast i all hovudsak at deltidsstudiet i vernepleie, som har opptak annakvart år, ikkje hadde opptak i 2008, og at det nyoppretta eigedomsmeklar-studiet hadde ein markert nedgang i søkninga frå 2007 til 2008 (frå 373 til 172 primærsøkjarar). For dei andre studia ved HiT var det berre mindre endringar frå 2007 til 2008. Såleis hadde HiT eigentleg ei positiv utvikling i talet på primærsøkjarar gjennom SO frå 2007 til 2008.

Også studenttalet utvikla seg positivt frå 2007 til 2008, med ein auke frå 5 020 til 5 112 registrerte studentar pr. 01.10.08. Auken i talet på heiltidsekvivalentar (3,7 %) var prosentvis noko større enn auken i talet på studentar (1,8 %). Det inneber at færre studerte på deltid, ei utvikling som i røynda medverkar til betre gjennomstrøyming ved høgskolen.

Det blei i 2008 uteksaminert 82 mastergradskandidatar, medan resultatmålet var 100. Talet på mastergradskandidatar har vore etter måten stabilt dei seinare åra, sjølv om søkjartala nesten har vore dobla. I denne samanhengen er det grunn til å peike på at det styrkte rekrutteringsgrunnlaget som dei to nye matergradstilboda (Fleirkulturelt førebyggjande arbeid med barn og unge og Formgjeving, kunst og handverk,

nettbasert) representerer, enno ikkje gjev utteljing i form av kandidatproduksjon, og at dei engelskspråklege mastergradsstudia ved TF har mange utanlandske søkjarar, som av ulike årsaker ikkje fullfører.

682 bachelorgradsskandidatar fullførte i 2008, medan resultatmålet var 720. Når måltalet ikkje blei nådd, har det i si hovudårsak i at deltidsstudiet i vernepleie ikkje hadde avsluttande kull i 2008.

Når det gjeld dei utvalde områda, blei resultatmåla for uteksaminerte kandidatar overoppfylte for allmennlærarutdanninga og så godt som nådde for sjukepleiar- og ingeniørstudia. Grunnen til det etter måten høge kandidattalet for allmennlærarutdanning er eit relativt godt opptak til denne utdanninga i 2004. Førskolelærarutdanninga, som har rekruttert relativt godt dei seinare åra, har hatt ei noko svak gjennomstrøyming. Dette avspeglar seg i det låge talet på kandidatar i høve til resultatmålet.

## Læringsmiljø

*Verksemdsmål 1.2*

*Høgskolen i Telemark skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.*

| **Styringsparameter** | **Resultat** | | | | **Resultatmål 2008** |
|---|---|---|---|---|---|
| | **2005** | **2006** | **2007** | **2008** | |
| Nye studiepoeng per eigenfinansiert student per år | 43,0 | 45,0 | 44,6 | 44,9 | 45,0 |
| Studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling | 17,6 | 16,8 | 17,2 | 17,3 | 17,4 |
| **Styringsparametrar fastsette av høgskolen** | | | | | |
| Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar | 3 537 | 3 650 | 3 735 | 3 829 | 3 792 |

HiT meiner at dette verksemdsmålet må seiast å vere nådd. Årsrapporten frå Læringsmiljøutvalet for studieåret 2007-2008 viste at det fysiske og det psykososiale læringsmiljøet i all hovudsak er godt, sjølv om det er forbetringspotensial på einskilde område. Som det går fram av tabellen over, overoppfylte HiT praktisk talt resultatmåla for aktuelle styringsparametrar. Sjå elles kommentarar under.

HiT hadde i 2008 ein svak auke i studiepoengproduksjonen per student frå 44,6 i 2007 til 44,9 i 2008. Resultatmålet var på 45,0 og blei dermed tilnærma oppfylt. Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling blei 17,3, noko som er ein auke på 0,1 i 2008 samanlikna med 2007. Resultatet er så vidt under resultatmålet på 17,4. Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar blei i 2008 3 829. Dette er ein auke på 94 poeng (2,5 %) samanlikna med 2007. Resultatmålet på 3 792 blei såleis nådd.

Det er gjort fleire tiltak for å oppretthalde eller auke studiepoengproduksjonen ved høgskolen. AF har mellom anna revidert masterkontraktane og innført "Progress" (statusrapportering) to gonger i løpet av masterstudiet. Det er innført obligatorisk frammøte på master- og bachelormodular. Koordinatorrolla for studieprogramma er tydeleggjort. I emne som ut frå røynsle har høg strykprosent, er studentar tekne i bruk som undervisnings-assistentar. For å auke gjennomstrøyminga, har EFL sett i verk skolebasert lærarutdanning som inneber tettare oppfølging av studentane. Det er planlagt ei omlegging av den samlingsbaserte allmennlærarutdanninga, med større konsentrasjon om emne over kortare tid. I tillegg vil det hausten 2009 bli sett i verk ei ordning med

deling av valemne i 2x15 studiepoengsmodular i staden for ein 30 studiepoengsmodul. Ved HS blei det fokusert meir på mobilitet blant studentane for å nytte studieplassane best mogleg. I tillegg har avdelinga gjennomgått vurderingsformene på alle bachelorgradsutdanningane og avdelinga har i større grad fokusert på læringsmiljøet i dialogmøta med studentane. TF sette i 2008 i verk ekstra undervisning og rettleiing i matematikk for nye bachelorgradsstudentar. Det blei gjennomført spesielle oppfølgingstiltak for Y-vei-studentar innan bygg, kjemi og maskin for å auke gjennomstrøyminga.

I 2009 skal det utarbeidast ein ny rutine for rapportering av studiekvalitetsdata på institutt- og avdelingsnivå. Rapportane vil gje eit betre grunnlag for å analysere og vurdere studiekvaliteten og kvalitetssikringssystemet på overordna nivå i høgskolen. I den samanhengen er det behov for å vidareutvikle rutinen for midtvegsevalueringar.

Høgskolen skal gjere greie for endringar i studiepoengproduksjonen for studieprogram som har over 20 avlagde 60-studiepoengseiningar og endringar på meir enn 20 prosent frå siste rapporteringsår innanfor kvar finansieringskategori A-F, jf. brev av 17.10.07 frå KD. For 2008 gjeld dette 19 studieprogram. Kommentarar til kvart program er registrerte i DBH. Auke eller nedgang i talet på studentar er hovudårsaka til dei fleste endringane. For nokre program er ikkje produksjonen av studiepoeng jamt fordelt på semester.

### *Gjennomstrøyminga i utvalde utdanningar*

I etatsstyringsmøtet 05.05.08 viste KD til, med bakgrunn i tal frå Stjernø-utvalet si innstilling, at HiT har låg gjennomstrøyming innan allmennlærar- og sjukepleiarutdanninga. HiT blei beden om å følgje med på gjennomstrøyminga i desse utdanningane.

HiT har på dette grunnlaget gått gjennom dei aktuelle DBH-tala for sjukepleiarutdanningane for perioden 2003-2007. HiT slår fast at dersom ein tek utgangspunkt i produksjon per student, ligg høgskolen i perioden 2005-2007 under snittet. HiT vil i denne samanhengen vise til at dei institusjonane, medrekna HiT, som har deltidsstudium i sjukepleie, får ein lågare produksjon per student dersom ein nyttar personar og ikkje heiltidsekvivalentar som utgangspunkt. Dersom ein tek utgangspunkt i fullføringsgrad, viser det seg at HiT i heile perioden 2003-2007 har hatt ein fullføringsgrad i høve til opptekne studentar som ligg over snittet. HiT vil framleis følgje med på utviklinga i gjennomstrøyminga. DBH-tala over viser etter HiTs syn likevel at det ikkje er grunn til uro no.

Når det gjeld allmennlærarutdanninga, vert det konstatert at HiT har låg gjennomstrøyming, og at denne ligg godt under snittet. Gjennomstrøyminga i denne utdanninga er blitt analysert og følgd opp i tråd med NOKUT sine tilrådingar etter evalueringa. Det blir i denne samanhengen vist til pkt. 5.5 i rapport for status for tiltak i HiTs oppfølgingsplan for allmennlærarutdanninga, som følgjer som vedlegg til Rapport og planar (2008-2009) for Høgskolen i Telemark.

## Internasjonalisering

<u>*Verksemdsmål 1.3*</u>

***Høgskolen i Telemark skal ha internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som både fører til auka utdanningskvalitet og sikrar kvalifiserte kandidatar til samfunns- og næringsliv.***

| Styringsparameter | Resultat | | | | Resultatmål 2008 |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | |
| Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande) | 91 | 107 | 154 | 147 | 162 |
| Talet på framandspråklege utdanningstilbod målt i studiepoeng | 385 | 490 | 720 | 690 | 720 |

Sjølv om resultata for dei aktuelle styringsparametrar ikkje fullt ut oppfylte tilhøyrande resultatmål, meiner HiT at verksemdsmålet er rimeleg godt oppfylt. HiT er nøgd med utviklinga innanfor området internasjonalisering i utdanningsverksemda. Studentutvekslinga gjekk noko ned i 2008, frå 154 i 2007 til 147 i 2008. Sett i lys av studentutvekslingstala i 2005 og 2006, er nedgangen like fullt moderat. Fleire miljø har blitt trekte inn i internasjonale nettverk. Nokre miljø legg meir til rette for samarbeid og er meir aktive enn andre. Ein ser døme på at gode resultat i eitt miljø spreier seg til andre. HiT meiner at høgskolen har eit godt utbygd internasjonalt nettverk, og arbeider for tida aktivt for å kople saman ulike fagområde i høgskolen når det gjeld internasjonalisering og for å introdusere nye miljø til etablerte avtalepartnarar. HiT er med i ei rad Nordplus- og Erasmusaktivitetar, har fleire større prosjekt innanfor utdanning med stønad gjennom SIU, og har etablert samarbeid med partnarar i dei fleste av dei geografiske områda som har vore prioriterte dei siste åra.

HiT har dei siste åra hatt internasjonalisering som eit prioritert område, og har mellom anna stilt ein monaleg stor sum til disposisjon for Internasjonalt utval (IU) kvart år (om lag 1,5 mill. kroner). Utvalet har ein representant frå kvar avdeling og to studentrepresentantar. Ein representant frå Studentsamskipnaden i Telemark (SiTel) har observatørstatus, og prorektor er leiar. Utvalet legg ved slutten av kvart år fram ein rapport til styret, der det går fram kva utvalet har arbeidd spesielt med det siste året, og kva problemstillingar utvalet meiner det bør arbeidast særleg med framover for å auke kvaliteten og omfanget på internasjonaliseringsverksemda.

Ein stor del av dei midlane IU får frå styret, går til avdelingane i form av tilskot til reiseverksemd. Retningslinene for tildeling av desse midlane prioriterer reiser for å leggje til rette for studentutveksling, reiser i samband med personalutveksling og reiser i samband med internasjonalt FoU-samarbeid. Det er eit krav at avdelingane eller institutta må delfinansiere reisa for å markere at internasjonalisering er eit ansvar for leiinga ved avdelingar og institutt. Det er òg fatta vedtak om at personalutvekslingar skal gje utteljing i HiTs interne budsjettfordelingsmodell med 10 000 kroner per utveksling (ut-/innreisande).

Når det elles gjeld strategiar for vidare utvikling av den internasjonale verksemda, blir det vist til omtalen under Utvalde område, pkt. 4 nedanfor.

Dei fleste av dei konkrete prosjekta og tiltaka som blei rapporterte for 2007, held fram i 2008. Nedanfor nemner vi kort nokre av dei viktigaste.

<u>Samarbeid om utdanning</u>
HiT godkjente i 2008 ein felles (trippel) nordisk bachelorgrad i marknadsføring, eit resultat av samarbeid i eit nordisk nettverk. HiT er òg med i eit nettverk i friluftsliv, der studentar frå samarbeidande universitet/ høgskolar må ta 15 studiepoeng (stp) som kortare kurs hos kvar av dei 4 samarbeidande partnarane.

HiT er med i fleire nettverk der studentar kan delta på fellessamlingar med intensive program (mellom anna innanfor sjukepleie, folkemusikk, kroppsøving, forming, sosialfag, økonomisk-administrative fag og lærarutdanning).

Det er etablert eit formelt samarbeid mellom TF og Aalborg universitet om prosjektbasert undervisning i ingeniør- og sivilingeniørutdanningane (sjå òg under FoU om samarbeid om doktorgrad).

HiT fekk ikkje NOKUT-godkjenning for sin del i ei felles europeisk mastergradsutdanning i vasskvalitet (Inland Water Quality Assessment), men samarbeidet i nettverket held fram. M.a. er fagleg tilsette i det aktuelle fagmiljøet aktivt med i undervisninga hos partnarinstitusjonane som gjesteforelesarar og rettleiarar i programmet. HiT meiner det her har vore uklåre reglar og kriterium når det gjeld godkjenning av fellesgrader. HiT ser slike grader – særleg på mastergradsnivå – som førebels lite realistisk og vil vere meir innstilt på samarbeid om doble grader i framtida.

HiT er elles med i tre større, meir bistandsprega prosjekt innanfor utdanning: Det første er eit samarbeid med Bishkek Academy of Finance and Economics om utvikling av ei utdanning i øko-turisme i Kirgisistan (finansiering frå Sentral-Asia programmet). Prosjektet er tildelt kvoteplassar.

Det andre er eit samarbeid om oppbygging av ein mastergrad i teknologi ("Sustainable Process Development") ved University of Moratuwa (UoM), Sri Lanka (finansiering frå NOMA-programmet). Det er sendt ny søknad om forlenging av prosjektet med eitt studentkull frå 2009 til 2011. Prosjektet finansierer stipend for fire mastergradsstudentar frå Sri Lanka til HiT og 12 studentar til mastergraden ved heimeinstitusjonen. HiT har medverka med to intensive mastergradskurs ved UoM i 2008.

I tillegg kjem prosjektet med utvikling av sjukepleiarutdanninga i Malawi, der HiT er ein av fleire norske institusjonar med sjukepleiarutdanning som arbeider med dette (finansiering frå Kyrkjas naudhjelp). Alle desse prosjekta inneber at fagpersonar frå HiT tar aktivt del i undervisning i enkeltemne ved partnaruniversiteta. Institutt for folkekultur er aktivt med på å byggje opp folkemusikkutdanningar m.a. i Ukraina og i Ungarn, og det er tildelt kvoteplassar til ukrainske studentar for ein mastergrad i tradisjonskunst.

Kina-samarbeidet held fram. Frå 01.01.2008 er Høgskolen i Gjøvik med som ny partnar, i tillegg til Universitetet i Agder. To mastergradsstudentar frå HiT har hatt utvekslingsopphald ved Huazhong University of Science and Technology hausten 2008 med stipend frå Hubei Province. Ein lokal norsk bedriftspartnar har gjeve eit stipend til ein kinesisk student frå Wuhan University of Technology for å ta mastergrad i teknologi ved HiT. Det er rekruttert fleire mastergradsstudentar og Ph.D-studentar frå partnaruniversiteta i Hubei. HiT samarbeider med Telemark fylkeskommune om å arrangere Norway – Hubei Week i Telemark i 2009. HiT blir her ansvarleg for fleire seminar.

Innanfor lærarutdanning og sosialfag er det etablert eit samarbeid med India, m.a. om pedagogisk arbeid i eit fleirkulturelt miljø. Det er inngått ein formell avtale med University of Pune (UoP), India. Førskolelærarstudentar og studentar i fleirkulturelt barnevern har hatt praksisopphald ved skolar og andre relevante institusjonar i India (mindre enn tre månader), med vellukka resultat. Også teknologiutdanningane har no knytt kontaktar til UoP.

Samarbeidet med partnaruniversitet i Midtvesten har framleis høg prioritet. Det har i 2008 vore fleire personal- og studentutvekslingar med m.a. Minnesota State University Mankato, Luther College, Augustana College, Sioux Falls, Franklin College, Minot State University og South Dakota School of Mines.

Det europeiske og nordiske samarbeidet er òg viktig for HiT. Mange av våre fagmiljø er aktive innanfor Nordplus- og Erasmsusnettverk, men òg i andre ikkje-programfinansierte nettverk. Desse nettverka har fleire intensive program, der studentar frå HiT er med på kortvarige studieopphald. Det er rapportert aktivitet i 12 nordiske utdanningsnettverk der desse utdanningane/fagmiljøa er aktive: økonomisk-administrative fag, forming (2), folkemusikk, pedagogikk, lærarutdanning, naturfag i lærarutdanning, samfunnsfag i lærarutdanning, folkekunst, barnevern og sjukepleiarutdanning. Det er rapportert om aktiv deltaking i sju europeiske nettverk innanfor kroppsøving (faglærarutdanning), økonomisk-administrative fag, tradisjonskunst, sjukepleiefag, barnevern og ingeniørfag.

Elles kan det nemnast at to administrativt tilsette ved HiT gjennomførte såkalla "tilsett-utveksling" under Erasmus i 2008. Ein tredje administrativt tilsett har vore to månader på tenesteutveksling til Örebro Universitet, Sverige med finansiering frå Nordisk Råd.

Sjå elles omtale av personalutveksling og internasjonalt samarbeid innanfor Sektormål 2, Utvalde område nedanfor.

Studentar frå utlandet
Talet på utanlandske studentar aukar kvart år. I 2008 var det registrert totalt 280 studentar med statsborgarskap frå andre land. Dei fleste av desse er programstudentar, der 18 er kvotestudentar. Sjå elles omtale av studentutveksling under. Nokre er òg studentar som tar eittårig norskkurs for utanlandske studentar ved HiT, men som skal halde fram ved andre norske institusjonar. Det er inngått avtale m.a. med Høgskolen i Vestfold og Diakonhjemmets høgskole om norskopplæring. HiT ser det som positivt at dei internasjonale studentane har skipa eit lokallag av International Students' Union of Norway. Utanlandske og norske studentar kan vere medlemer, og laget får noko stønad til drifta frå HiT. Laget står mellom anna bak fleire studentsosiale tiltak.

Kortvarige studieopphald i utlandet
Avdelingane har rapportert om totalt 78 studentar som har vore på kortare opphald i utlandet som del av studiet. Av desse var 24 frå friluftsliv og 22 frå førskolelærarutdanning, medan dei andre kom frå faglærarutdanning i kroppsøving (8), faglærarutdanning i praktisk-estetiske fag (4), allmennlærarutdanning (4), folkemusikk (7) og sjukepleiarutdanning (9).

Studentutveksling
I 2008 var talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande) 147, medan talet i 2007 var 154. Vi nådde derfor ikkje målet om totalt 162 utvekslingsstudentar i 2008. Dette er ikkje fullt ut tilfredsstillande, og vi vil sjå nærare på kva årsaka kan vere og vurdere moglege tiltak i 2009. Talet på utreisande studentar gjekk ned frå 46 i 2007 til 33 i 2008. Talet på *innreisande* studentar er framleis høgare enn talet på utreisande, og auka frå 88 i 2007 til 114 i 2008. Det er naturleg nok dei engelskspråklege tilboda, som er særskilt tilrettelagde for utvekslingsstudentar, som er mest attraktive.

Framandspråklege utdanningstilbod
Målet var eit totalt omfang på 720 stp på engelskspråklege studietilbod for 2008. Resultatet blei 690. Grunnen er at eit tidlegare 60 stp-tilbod (Outdoor Life, Culture and Ecophilosophy) blei redusert til 30 stp, då det blei for ressurskrevjande å ha tilbod på to semester. Dei andre tilboda på engelsk er Alpine Ecology – 60 stp (AF), Business Administration for Exchange Students – 60 stp (AF), Scandinavian Studies in Telemark – 60 stp (AF), ymse andre emne – 30 stp (AF), Physical Education, Sport, Culture and Society – 60 stp (EFL) og Norwegian Folk Music – 30 stp (EFL). TF har tre mastergradsprogram i teknologi – 120 stp på kvart program.

Røynsla tilseier at tilbod om emne på engelsk skapar interesse hos partnarane i andre land og er nettverksbyggjande. Det å undervise på engelsk er ein terskel for mange fagleg tilsette, men dei får røynsle i tverrkulturell kommunikasjon og i bruk av engelsk som arbeidsspråk. Det blei ikkje godkjent nye tilbod på engelsk i 2008.

HiT ønskjer at fleire fagmiljø etter kvart skal gje tilbod om emne som det kan undervisast i på engelsk, og at desse emna òg skal vere attraktive for eigne studentar som ein introduksjon til engelsk fagterminologi på eigne fagområde og som "internasjonalisering heime" for dei som ikkje ønskjer å dra ut.

Internasjonale arrangement
Andre internasjonale arrangement som er rapporterte ved HiT i 2008: Mini-seminar om strategiar for utvikling av FoU (HS - i samarbeid med professorar frå Minnesota State University), seminar om "Small Universities in Rural Settings" (AF – University of Alberta-Augustana Faculty), internasjonalt seminar om "Gamle teknikkar – ny estetikk" (EFL) og Internasjonal vinterfestival i Rauland (EFL).

I tillegg har HiT hatt direkte kontakt med mange av dei utanlandske partnarane våre innanfor mange fagmiljø i 2008, ved vitjingar til HiT eller ved at tilsette frå HiT har reist til utlandet. Mellom anna har IU gjeve stønad til reiser der representantar frå fleire fagmiljø saman vitjar partnarar vi ønskjer å etablere eit tettare samarbeid med. På denne måten prøver vi å dra fordel av kontaktar og nettverk innanfor eitt fagområde for å få til samarbeid med fleire. Eitt resultat av slik aktivitet er at det med bakgrunn i ein generell avtale om samarbeid

med Minnesota State University Mankato er inngått ein konkret tilleggsavtale om samarbeid i pedagogikk mellom deira Department of Educational Leadership og HiTs Institutt for pedagogikk. Eit anna døme er at kontaktar som lærarutdanningane har hatt i India, har opna veg for at sosialfag og teknologiske fag blei med i samarbeidet, og for ein felles generell avtale med University of Pune.

Nye avtalar som er underskrivne i 2008: Aalborg Universitet Esbjerg, Danmark (teknologi), University of Pune, India (lærarutdanning, sosialfag, teknologi), Minnesota State University Mankato – Department of Education Science (pedagogikk), Wuhan University, Kina (utvida avtale - teknologi), Hubei University of Technology, Kina (teknologi), University of Stellenbosch, Sør-Afrika (teknologi).

HiT har likevel framleis utfordringar innan internasjonaliseringsverksemda:

- Auke talet på studentutvekslingar ytterlegare – både kortvarige og på tre månader eller meir, men med meir fokus på mastergradsprogramma.
- Auke samarbeidet om utdanning (doble grader, felles kortare kurs).
- Auke talet på personalutvekslingar ytterlegare.
- Integrere internasjonaliseringsverksemda betre i planlegginga og gjennomføringa av den ordinære utdanningsverksemda.
- Etablere internasjonalisering som ein sentral dimensjon i strategisk leiarskap på alle nivå innanfor høgskolen.
- Etablere fleire kurs/emne på engelsk som integrerte element i ordinære utdanningsprogram med fokus på "internasjonalisering heime".

## Evaluering

<u>*Verksemdsmål 1.4 (eigendefinert)*</u>

*Høgskolen i Telemark skal ha god studentdeltaking i evaluering av emne, infrastruktur og læringsmiljø.*

| **Styringsparameter** | **Resultat** | | | | **Resultatmål 2008** |
|---|---|---|---|---|---|
| | **2005** | **2006** | **2007** | **2008** | |
| Prosentdel deltaking i evaluering av emne | 27 | 20 | 32 | 32 | 40 |
| Prosentdel deltaking i evaluering av infrastruktur og læringsmiljø | - | 12 | 13 | 17 | 40 |

HiT er lite nøgd med måloppnåinga for dette verksemdsmålet.

Resultatet for evaluering av emne og evaluering av infrastruktur og læringsmiljø i 2008 viser at HiT ikkje nådde målet på 40 % deltaking. Prosentdel deltaking i evaluering av emne i 2008 blei i snitt 32 %, og er på same nivå som for 2007. Mellom ulike tiltak for å betre svarprosenten ser det ut til at sterk involvering frå leiinga på ulike nivå i organisasjonen er det som verkar best.

Infrastruktur og læringsmiljø blir evaluert ein gong per år i vårsemesteret. Prosentdel deltaking var låg også her sjølv om det har vore ein svak auke frå 13 % i 2007 til 17 % i 2008.

Avdelingane har kvar for seg gjennomført fleire tiltak for å auke svarprosenten. Generelt sett ligg hovudutfordringa i å motivere studentane til evaluering, då det mellom anna er låg tiltru til oppfølging av resultata. Tilgang til IT-system kan vere ei utfordring når studentane er i praksis. Det er i nokre tilfelle også ei utfordring å få emneansvarlege til å setje av tid på PC-lab og samle klassane for evaluering. På institusjonsnivå blir evalueringsperiodane følgde ved at evaluering er tema i leiarmøte. Det blir i tillegg sendt

ut jamlege statusrapportar i løpet av evalueringsperiodane. På grunn av at resultatmåla ikkje er nådde over fleire år, er det i 2009 behov for å revidere evalueringsprosessen med særleg vekt på forankring og overføring av god praksis mellom avdelingane.

## Sektormål 2

*Høgskolane skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forsking og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. Høgskolane har ansvar for utvikling av praktisk retta forsking og utviklingsarbeid på fagområda sine. Høgskolar som kan tildele doktorgrad, har eit særskilt ansvar for grunnforsking og forskarutdanning innan dei fagområda der dei tildeler doktorgrad.*

### Utvalde område

*HiT skal arbeide for å konsentrere innsatsen og utvikle fagmiljøa gjennom samarbeid i eigen institusjon og/eller med andre institusjonar.*

Høgskolen har gjennom 2008 framleis prioritert dei områda der høgskolen skal etablere doktorgradsutdanningar. Samarbeidet med Universitetet i Agder (UiA) har blitt utvida og formalisert gjennom ein samarbeidsavtale som vart underteikna rett før jul. Det er òg etablert eit regionalt senter for omsorgsforsking i samarbeid med UiA. Det kan styrkje samarbeidet mellom institusjonane generelt, og spesielt stø fagleg opp om etablering av eit doktorgradsstudium i helsefremjande arbeid. HiT samarbeider også med UiA om eit felles Technology Transfer Office (TTO). Samarbeidsavtalen nemner òg andre fagområde som skal prioriterast i det vidare samarbeidet.

*HiT skal gjennomføre tiltak for å auke gjennomstrøyminga i forskarutdanninga.*

HiT har førebels ikkje sjølvstendig rett til å tildele doktorgrad. HiT vurderer det slik at gjennomstrøyminga i forskarutdanninga som høgskolen gjennomfører i samarbeid med NTNU, er tilfredsstillande.

*HiT skal gjennomføre tiltak for å auke forskingsmidlane frå Forskingsrådet.*

Styret vedtok i september 2008 følgjande strategiar for å auke overføring av midlar frå Forskingsrådet: (1) etablere inntil tre forskingsklyngjer, (2) styrkje internt og eksternt samarbeid, (3) heve forskingskomponenten i den interne budsjettfordelinga og (4) frigjere meir FoU-tid til aktive forskarar. Sjå elles verksemdsmål 2.0.

*HiT skal betre samarbeidet med internasjonal forskings- og utdanningsverksemd.*

HiT har ein relativt omfattande FoU-aktivitet knytt til fleire prosjekt i samarbeid med utanlandske partnarar. Nedanfor følgjer ei kort omtale av nokre døme på slik aktivitet. Lista er ikkje uttømande.

AF:
Fleire tilsette har vore gjesteforelesarar ved mellom anna desse universiteta (tema i parentes): University of Plymouth, England – ("Rivers and Lakes"), Vytautas Magnus University, Litauen – ("Ecology"), University of Insubria, Italia – ("Vannkvalitet og miljøproblem"), Tallinn University of Technology, Estland – ("International Marketing"), Instituto Politecnico de Coimbra, Portugal – ("Human Resources").

Forskarar ved AF har i fleire år samarbeidd med baltiske universitet innanfor natur- og miljøvernfag. Forsking på populasjonsstruktur hos bregna strutsevenge (støtte frå Forskingsrådet) og om flått og flåttborne sjukdomar held fram. Forskingssamarbeidet med baltiske partnarar har òg resultert i fleire felles publikasjonar i 2008. Det er vidare inngått samarbeid med Royal Zoology Society of Scotland i samband med utsetjing av vill bever

frå Telemark i Skotland. Idrettsfag er med i eit samarbeidsprosjekt med eit engelsk universitet om samanliknande idrettspolitikk (støtte frå Forskingsrådet).

Ein professor i engelsk har vore gjesteprofessor ved Luther College i eitt år. Ein tilsett ved HiT har samarbeidd med ein kollega ved University of Edinburgh om å redigere ein antologi om "Humans in the Land" (humanistiske fag).

EFL:
Avdelinga har eit samarbeid i Japan (Kyushu Institute of Technology og Nagoya University). Ein tilsett har vore gjesteforskar ved Nagoya (pedagogikk), medan eit FoU-samarbeid om "Learnscapes" (kroppsøving) mellom ein forskar frå HiT og ein kollega frå Kyushu mellom anna har resultert i ein felles publikasjon om "Urban Diversity".

Institutt for folkekultur er med i eit kulturminneprosjekt i Romania saman med mellom anna Maramures County, Telemark fylkeskommune og Vest-Telemark museum. Dette er eit EØS-prosjekt ("Restoration and revitalization of the Butchers' Bastion from Baia Mare, Maramures County").

Ved Institutt for lærarutdanning har to personar hatt eit FoU-opphald ved University of California i tilknyting til doktorgradsarbeid innanfor pedagogikk (problemstillingar knytte til rettleiing og oppfølging av nyutdanna lærarar). Dei er òg med i eit EØS-finansiert samarbeid med National Institute for Further Education, Tsjekkia om "Early Career Support for Beginning Teachers".

To andre tilsette har gjennomført nasjonale prøver i matematikk i Romania i samarbeid med Norsk Matematikkråd, saman med personale frå University of Aurel Vlaicu, som ledd i forsking innanfor matematikkfeltet.

HS:
Det er etablert eit forskingssamarbeid med Wuhan University, Kina om psykisk helse. Samarbeidet har m.a. resultert i ein felles publikasjon. Ein tilsett har i samarbeid med ein kollega frå University of Perth, Australia publisert ein artikkel innanfor sjukepleie.

TF:
To tilsette ved avdelinga har gjeve intensive mastergradskurs ved University of Moratuwa, Sri Lanka, under eit NOMA-prosjekt for utvikling av mastergradsutdanning i Sustainable Process Development. Sjå ovanfor under verksemdsmål 1.3. I prosjektet er det etablert FoU-samarbeid innanfor miljøteknologi. Mellom anna har samarbeidet resultert i tre felles publikasjonar i 2008. Ein tilsett ved UoM arbeider med ein doktorgrad ved HiT innanfor dette fagområdet.

Det er etablert FoU-samarbeid innanfor biogass og miljøteknologi mellom HiT og Huazhong University of Technology og HiT og Hubei University, Kina. Tre studentar frå Hubei University of Technology starta hausten 2008 på doktorgradsstudium ved HiT med finansiering via forskingsinstituttet Tel-Tek/ Forskingsrådet.

Det er dei siste åra etablert eit godt samarbeid med University of Stellenbosch, Sør-Afrika, innanfor fleirfasestrømming og anvendt matematikk. I 2008 blei det gjennomført eit felles seminar (Workshop). Det er utarbeidd tre felles publikasjonar, og to mastergradsstudentar har hatt utvekslingsopphald på tre månader ved HiT. Ein doktorgradsstudent frå HiT er òg med i dette samarbeidet.

Det pågår samarbeid innanfor prosesstomografi med University of Manchester (England) og innanfor "Elektromagnetic Modeling of High-voltage Cables – Cable Caracterisation" med Oldenburg/Ostfriesland/ Wilhelmshaven University of Applied Sciences, Tyskland.

Innanfor prosessregulering er det etablert eit nytt samarbeid med Instituto Superior de Engenharia de Lisboa, Portugal, som mellom anna har resultert i felles konferansebidrag i 2008.

Alle desse prosjekta er gode døme på god integrering av undervisning, rettleiing og forsking på høgt nivå innanfor mastergradsutdanningane i teknologi og doktorgradsutdanninga ved TF.

For å leggje til rette for auka internasjonalt samarbeid, er det ved HiT i 2008 opna for at det kan søkjast midlar frå Internasjonalt utval til FoU-relaterte reiser.

## Forskings- og utviklingsarbeid

*Verksemdsmål 2.0 (eigendefinert)*

*For å kunne realisere universitetsambisjonen skal Høgskolen i Telemark ha sterke miljø for FoU og kunstnarleg-kreativ verksemd som hevdar seg nasjonalt og internasjonalt, og særleg på dei områda der høgskolen har eller skal etablere doktorgrads- og mastergradsutdanningar.*

I plandokumenta for doktorgradsstudia i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk, kulturstudiar og økologi er det gjort greie for dei nasjonale og internasjonale samarbeidsrelasjonane som finst i desse fagmiljøa. Det er oppretta forskingsklyngjer tilknytte to av områda, noko som venteleg vil gjere det lettare for fagmiljøa å hevde seg også på den internasjonale arenaen. Det vil òg bli nedsett eigne doktorgradsutval for dei einskilde doktorgradsområda ved HiT i tråd med *Forskrift for graden philosophiae doctor (PHD) ved Høgskolen i Telemark.* Doktorgradsutvala vil følgje opp den praktiske gjennomføringa av forskarutdanninga og hjelpe til med å halde fokus på kvaliteten i denne utdanninga.

Styret har i tillegg vedteke å opprette eit eige FoU-utval som skal vere eit rådgjevande organ for styret og høgskoleleiinga når det gjeld FoU-strategi. Utvalet skal vere ein aktiv og koordinerande pådrivar for FoU-arbeidet i høgskolen. Utvalet vil starte arbeidet sitt i 2009.

Det er òg verdt å nemne Senter for kultur- og idrettsstudiar (SKI), som blei etablert først som eit treårig prosjekt (2004-2007) og sidan som eit permanent senter. Dette miljøet har forankring i HiT og Telemarksforsking-Bø. Formålet med senteret er å fremje forsking på høgt nivå innanfor kultur- og idrettsfeltet.

*Verksemdsmål 2.1*

*Høgskolen i Telemark skal medverke til profesjonsretta forsking, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionen.*

| Styringsparameter | Resultat | | | | Resultatmål 2008 |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | |
| Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling | 0,22 | 0,19 | 0,26 | 0,12* | 0,26 |
| NFR-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling | Kr. 56 934 | Kr. 36 043 | Kr. 59 962 | Kr. 41 181 | Kr 40 000 |
| EU-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling | 0 | 0 | 0 | 0 | - |
| Utveksling av tilsette via programavtalar | 41 | 36 | 66 | 114 | 75 |
| Publikasjonspoeng totalt | 61,2 | 54,5 | 73,3 | 40,1* | 75 |

* Det blir teke atterhald om at det kan bli ei endring her etter det endelege rapporteringstidspunktet 1. mars

HiT meiner at dette verksemdsmålet i hovudsak er nådd, sjølv om til dømes eit sentralt styringsparameter som talet på produserte publikasjonspoeng gjekk ned i 2008.

Høgskolen har i 2008 mellom anna hatt fokus på å nytte avgrensa forskingsressursar best mogleg. I den samanhengen blei det sett i verk ulike tiltak som skal medverke til at forskingsverksemda også blir betre kvalitetssikra og konsentrert. I samband med søknader til NOKUT om etablering av eigne doktorgradsutdanningar på strategiske fagområde, blir det lagt til rette for å konsentrere forskingsverksemda mot desse fagområda. Det blei såleis i 2008, som nemnt under verksemdsmål 2.0, oppretta forskingsklyngjer tilknytte to av doktorgradsområda (prosess-, energi- og automatiseringsteknikk og kulturstudiar).

Når det gjeld den meir profesjonsretta forskinga, er det på liknande vis etablert to forskingsgrupper ved HS tilknytte satsingsområda "Omsorg 2015" og "Oppvekst – risiko barn og unge". Det er i denne samanhengen verdt å nemne at HiT saman med Universitetet i Agder (UiA) fekk tildelt eit av dei regionale forskingssentra for omsorgsforsking. Her er ambisjonen, i tillegg til å spisse FoU-satsinga, også å få til ei breiare fagleg plattform for FoU-verksemda på dette fagfeltet. Samarbeidet med UiA har allereie resultert i fleire felles søknader til Forskingsrådet.

Den ovannemnde FoU-konsentrasjonen omfattar alt frå tilsetjing av professorar og stipendiatar til tildeling av driftsmidlar og FoU-tid.

På fagområde som idretts- og friluftslivsfag, kultur- og humanistiske fag og natur- og miljøverfag har HiT lange tradisjonar for å ha eit omfattande forskings- og utviklingsarbeid. Sjølv om desse fagområda ikkje direkte kjem inn under kategorien "velferdsstaten sine profesjonsutdanningar", meiner HiT at forskingsverksemd og kompetanseutvikling også på desse områda i høg grad kjem til nytte på sentrale samfunnsmessige område, både innan privat og offentleg sektor. På same vis medverkar høgskolen med FoU og kompetanseutvikling innan fagområde som informasjonsteknologi, entreprenørskap og økonomi- og reiselivsfag, sjølv om verksemda på desse områda per i dag er meir nyskapande og utviklingsorientert enn direkte FoU-relatert.

Innan lærarutdanning vil HiT særleg trekkje fram det nyskapande arbeidet på områda skolebasert lærarutdanning og rettleiing av nyutdanna lærarar.

Når det gjeld HiTs medverknad til nyskapande verksemd i regionen, er det også grunn til å peike på forskinga som er etablert innanfor CO2-fangst og utvikling av nye energikjelder. Det kan i den samanhengen nemnast at det i 2008 blei etablert ei eiga forskingsgruppe innan CO2-fangst i samarbeid med forskingsinstituttet Tel-Tek.

Elles vidareførte HiT i 2008 aktiviteten innanfor Forskingsrådet sine program FORNY og VRI, som begge er relevante for regional utvikling og nyskaping.

Som nemnt over, gjekk talet på publikasjonspoeng monaleg ned frå 2007 til 2008. Ein mogleg grunn til dette kan vere at det blei publisert mange monografiar i 2007. Utviklinga på dette området vil bli nærare analysert.

Når det gjeld tildeling av midlar frå Forskingsrådet, var desse noko mindre enn i 2007, men større enn i 2006. Det vert her vist til ovannemnde tiltak som høgskolen sette i verk i 2008 for å auke desse tildelingane.

<u>Utveksling av tilsette via programavtaler</u>

I 2008 var det totalt 114 personalutvekslingar (39 inn og 75 ut), mot 66 i 2007. HiT er nøgd med at resultatmålet (75) blei meir enn nådd og at talet på personalutvekslingar har auka både for inn- og utreisande. Av dei utreisande drog 10 på utveksling med stipend innanfor Erasmus. Dei fleste opphalda – både inn og ut – er på berre ei veke. Høgskolen er ikkje nøgd med talet på utvekslingar med Erasmus-partnarar, og har i 2008 vedteke at HiT sentralt skal fullfinansiere reiser der det er tilsegn om Erasmus-stipend. Alle avdelingane er

oppmoda om å auke samarbeidet med Erasmus-partnarar. I tillegg har HiT vedteke å la DBH-rapporterte personalutvekslingar telje med 10 000 kroner i den interne budsjettfordelingsmodellen.

## Forskarutdanning

*Verksemdsmål 2.2*

*Høgskolen i Telemark skal sørgje for god gjennomføring av forskarutdanninga for tilsette i stipendiatstillingar.*

| Styringsparameter | Resultat | | | | Resultatmål 2008 |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | |
| Talet på stipendiatar knytte opp mot NTNU-samarbeidet | 25 | 31 | 31 | 34 | 31 |
| Talet på stipendiatar knytte opp mot andre institusjonar enn NTNU* | 25,7 | 20,9 | 22,1 | 22,8 | 30 |
| Gjennomsnittleg tid (år) for fullføring av doktorgradsstudium for tildelte stipendiatstillingar | 3,5 | 4 | 3,5 | 3,5 | 4 |

* Talet på stipendiatar knytte opp mot andre institusjonar enn NTNU gjeld stipendiatar som HiT har arbeidsgjevaransvar for, dvs. slik desse er registrerte i DBH. Det syner seg at registreringa for 2005, 2006 og 2007 ikkje var i samsvar med dette. Tala for desse åra er difor korrigerte.

Høgskolen har vidareført samarbeidet med NTNU om doktorgradsutdanning og har auka talet på stipendiatar samanlikna med 2007. Det var planlagt å reforhandle avtalen mellom NTNU og HiT om doktorgradsutdanning, men det er utsett til eigen doktorgrad innan prosess-, energi- og automatiseringsteknikk eventuelt er etablert.

## Sektormål 3

*Høgskolane skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forsking og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultata. Høgskolane skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.*

## Utvalde område

*HiT skal arbeide for å styrkje sin medverknad til regional utvikling og innovasjon.*

Det skjer eit omfattande samarbeid mellom høgskolen og næringslivet i regionen. I 2008 er dette styrkt m.a. gjennom Forskingsrådet sitt program *Verkemiddel for regional FoU og innovasjon (VRI)* i Telemark Dette er eit felles samhandlingsprosjekt som inkluderer fleire regionale aktørar. Høgskolen er med i delprosjekt B) *Innovativt kunde- og leverandørsamarbeid,* og har sjølv prosjektleiarrolla i delprosjekt C) *klyngjeutvikling og innovasjon i Telemark si IKT-næring.* Sjølv om dei eksterne midlane gjennom prosjekta ikkje er så store, er høgskolen sin medverknad i VRI-Telemark viktig med tanke på rolla som regional utviklingsaktør. Samarbeidsrelasjonane som blir bygde opp, er viktige m.a. med tanke på dei regionale forskingsfonda som blir oppretta frå 2010.

*HiT skal arbeide for å auke dei eksternt finansierte inntektene.*

Styret vedtok i 2008 strategiar for å auke omfang og resultat av høgskolen si eksternt finansierte verksemd. Det administrative støtteapparatet for denne typen aktivitetar blei gjennomgått, og det resulterte i vedtak om ny organisering og samordning. Endringane vil bli implementerte i 2009. Kvar avdeling har peika ut 1-2 satsingsområde for denne verksemda, og det er fastsett mål- og resultatkrav for dette området for kvar avdeling ved fordelinga av 2009-budsjettet og i samband med årsplan for 2009.

*HiT skal arbeide for å gjere utdanningane tilgjengelege og fleksible for heile befolkninga, uavhengig av bustad og livssituasjon.*

Høgskolen har lang røynsle med nett- og samlingsbaserte studium og det blir registrert aukande aktivitet i avdelingane med tanke på å gjere studietilbod meir fleksible. Det blir arbeidd kontinuerleg med utvikling av nye læringsstrategiar baserte på ny teknologi. Høgskoledirektøren sette i 2008 ned ei arbeidsgruppe som skal greie ut spørsmål om infrastruktur for nettbaserte læremiddel. Rapporten skal vere ferdig våren 2009. Det er i 2008 starta m.a. ei nettbasert masterutdanning i formgjeving, kunst og handverk med svært god søkning.

*HiT skal gjennomføre tiltak for å styrkje publisering og formidling.*

I samband med ei kartlegging i 2008 i vidareutviklingsprosjektet for høgskolens nettsider blei det dokumentert eit stort udekt behov for tilgang til høgskolens faglege ressursar via internett. Å dekkje dette behovet gjennom organisering, tilrettelegging, innhalds- og tenesteproduksjon og kvalitetssikringsrutinar vil bli prioritert i 2009. I tilknyting til dette vil også satsinga på TEORA (Telemark Open Research Archive) halde fram. Forskingsdagane 2009 vil bli gjennomførte med mål om same eller endå høgare deltakartal enn i 2009.

## Formidling

*Verksemdsmål 3.1*

*Høgskolen i Telemark skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultata frå FoU-verksemda.*

| **Resultatindikator** | **Resultat** | | | | **Resultatmål 2008** |
|---|---|---|---|---|---|
| | **2005** | **2006** | **2007** | **2008** | |
| **Resultatindikatorar fastsette av høgskolen** | | | | | |
| Talet på formidling av fagleg populærvitskapleg karakter | 32 | 41 | 53 | 47 | 60 |

HiT har i all hovudsak oppfylt dette verksemdsmålet.

Talet på formidling av fagleg, populærvitskapleg karakter (kategori 10 i intern budsjettfordelingsmodell) hadde ein nedgang frå 53 i 2007 til 47 i 2008. Resultatmålet for 2008 var 60.

Allmennretta formidlingstiltak i regionen har særleg vore konsentrerte om dei årlege forskingsdagane. Her er også andre samarbeidspartnarar trekte med. Publikumsoppslutninga i 2008 var 1 639 deltakarar i dei ulike arrangementa. Dette er vel 600 fleire enn året før.

Ved sida av ei lang rad konferansar, seminar, konsertar og utstillingar i regi av dei ulike fagmiljøa satsar høgskolen målretta på formidling via internett. Dette har gjeve gode resultat, mellom andre desse:

- For TEORA var 2008 det første driftsåret etter etableringa. Ved utgangen av året var nær 600 forskingsarbeid frå forskingsinstitusjonar og forskingsmiljø i Telemark tilgjengelege i tenesta. HiT arbeider aktivt for å følgje opp måla for Open Access sette av Forskingsrådet/Universitets- og høgskolerådet og KD.

- HiT er ein av institusjonane bak det nyetablerte FORM*akademisk*, eit reint internettbasert og gratis fagfellevurdert tidsskrift innan design og designdidaktikk. Tidsskriftet kom med sitt første nummer i 2008 (Sjå http://www.formakademisk.org).

- I målinga Webometrics, som registrerer tilgang til, og presentasjon av, fagleg innhald på internett for rundt 14 000 universitet og høgskolar over heile verda, plasserer HiT seg som nr. 7 mellom dei norske institusjonane.

Utfordringane i 2008 for HiT har særleg vore knytte til formidlinga av den faglege verksemda via internett. Trass den relativt gode Webometrics-plasseringa, er det her formidlingspotensialet er størst. I samband med vidareutviklingsprosjektet for høgskolens nettsider blei det i løpet av 2008 gjennomført ei grundig behovsundersøking blant prioriterte brukargrupper. I målgruppene *potensielle tilsette* og *potensielle FoU-samarbeidspartnarar* blei det avdekt eit stort udekt behov for presentasjon av den faglege aktiviteten og utfyllande informasjon om FoU-arbeid og publikasjonar.

## Innovasjon og verdiskaping

*Verksemdsmål 3.2*

*Høgskolen i Telemark skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom innovasjon og verdiskaping.*

| **Styringsparameter** | **Resultat** | | | | **Resultatmål 2008** |
|---|---|---|---|---|---|
| | **2005** | **2006** | **2007** | **2008** | |
| Omfang av eksternt finansiert verksemd. Målt i tusen kroner | 15 596 | 11 773 | 15 800 | 18 215 | 18 000 |
| Mottekne forretningsidéar | 0 | 2 | 3 | 0 | 6 |
| Nyoppretta selskap basert på mottekne forretningsidéar | 0 | 0 | 1 | 1 | 2 |

Høgskolen har eit omfattande samarbeid med relevante aktørar i regionen der siktemålet er innovasjon og felles verdiskaping. Denne rapporten gjev ikkje rom for ein detaljert omtale av alle samarbeidsaktivitetane.

Høgskolen meiner å ha god måloppnåing for dette verksemdsmålet. Høgskolen arrangerte i februar 2008 "Karrieredagar" ved dei tre studiestadene Porsgrunn, Notodden og Bø, med ca.100 deltakarar frå arbeidslivet. Tilskipinga hjelper til å førebu studentar, og særleg avgangsstudentane, på overgangen til arbeidslivet, og gjev

arbeidsgjevarar og studentar høve til å møtast. Høgskolen hadde også ulike arrangement under Forskingsdagane, som blei arrangerte i september.

HiT var inne i sitt åttande år som FORNY-aktør i 2008. I dette prosjektet er det vektlagt å hjelpe tilsette og studentar med å vurdere og utvikle forretningsidéar. Det er m.a. arrangert eit idéutviklingsseminar med deltaking frå 40 tilsette og studentar.

HiT-studentar held fram med å gjere det skarpt i nasjonale og internasjonale konkurransar for studentbedrifter, og fekk fleire prisar i 2008, m.a. 3. plass i EM. For studieåret 2008/2009 er det registrert 11 studentbedrifter.

Styret har godkjent interne retningsliner for å handtere IPR-spørsmål tilknytte oppfinningar som blir dekte av Arbeidstakaroppfinningslova.

Det er gjennomført ei bedriftsetablering i 2008 på bakgrunn av ein forretningsidé som er utvikla i høgskolen ved Avdeling for allmennvitskaplege fag (hurtigmetode for påvising av vasskvalitet).

## Sektormål 4

*Høgskolane skal ha ei personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane.*

## Utvalde område

*HiT skal vise korleis styret vurderer ansvaret sitt for oppfølging av mål, herunder*

- *Vektinga av faglege versus administrative ressursbehov*

  Kvart år blir det lagt fram ei sak for styret om personalsituasjonen i høgskolen. Saka gjev eit oversyn over aktuelle område innanfor personal- og organisasjonsfeltet, og gjer det mogleg for styret å sjå utviklinga over tid på einskildområde og følgje med på korleis fastsette mål innanfor dette feltet vert følgde opp. Saka er sentral i planlegginga av personaladministrative og utviklingsorienterte tiltak. I samband med den årlege fordelinga av budsjettet fastset styret stillingsrammer for alle driftseiningar i høgskolen. I den samanhengen blir òg vektinga av faglege versus administrative ressursbehov vurdert.

- *Administrativ kapasitet og kompetanse for å sikre god kvalitet i økonomiforvaltninga*

  Kapasitet og kompetanse i økonomiforvaltninga vert rekna som tilfredsstillande. HiT har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen for 2007, og har så langt heller ikkje fått signal om at det kjem slike for 2008. I 2008 har det vore god kontinuitet i personalet som arbeider innanfor økonomiforvaltninga, og kompetansenivået har auka både i sentral økonomistab og ved driftseiningane i 2008. Ved somme driftseiningar er det også gjort tiltak for å styrkje økonomiforvaltninga i 2008. HiT nedsette i 2007 ei arbeidsgruppe for å vurdere det administrative støtteapparatet. Gruppa gjorde m.a. vurderingar av kapasitet og kompetanse i økonomiforvaltninga, og den generelle konklusjonen var at dette området har tilfredsstillande kapasitet og kompetanse.

- *Korleis prinsippa for god eigarstyring vert følgde opp i randsona*

  HiT har eit lite omfang av randsoneaktivitet.

  Høgskolen hadde eigarinteresse i berre tre verksemder i 2008. Eigarinteressa i selskapet Fagkontoret for hjort AS blei avvikla i 2008. Høgskolen har hatt eit tap i verksemdskapitalen på kr 20 000 som følgje av dette.

Høgskolen har vidare eigarinteresse i selskapet Etnisk Musikklubb AS. Denne eigarinteressa vil no bli avvikla. Det blir vist til avklaring om dette i brev frå KD av 06.01.2008, ref. 200805773. Eigarinteressa kan ikkje seiast å vere av stor fagleg interesse for høgskolen, og ho er heller ikkje forankra i høgskolens strategi.

Høgskolen vil vidareføre si eigarinteresse i selskapet Vitenl@ben AS. Eigarinteressa styrkjer realfaga og rekruttering til realfag, og må på denne bakgrunnen seiast å vere strategisk forankra og fagleg interessant for høgskolen.

Høgskolen har medverka til at det er etablert eit selskap som skal kommersialisere ein idé om hurtigtesting av vasskvalitet (ATP-reinsing). Høgskolen har ikkje gått inn på eigarsida, men sikrar vidare fagleg samarbeid gjennom ein avtale med selskapet.

- *Omfang og utvikling av utsett verksemd og grunngjeving for behovet for å setje av midlar til strategiske føremål.*

  Høgskolen hadde planlagt å redusere omfanget av utsett verksemd i 2008. Førebels rekneskap for 2008 viser eit forventa totalt mindreforbruk på 39,7 mill. kroner og eit mindreforbruk eksklusiv midlar frå Forskingsrådet på 36,4 mill. kroner. Avsetjingane eksklusiv midlar frå Forskingsrådet er såleis reduserte med om lag 7,7 mill. kroner i 2008 i høve til 2007. Høgskolen er etter måten nøgd med dette, og planlegg ein ytterlegare reduksjon i 2009.

  Ein vesentleg del, kr 14 191 000, av mindreforbruket eksklusiv midlar frå Forskingsrådet på 36,4 mill. kroner er bunden opp i stipendiatstillingar, og vert rekna som strategisk viktige for høgskolen. Behov for avsetjingar til stipendiatstillingar skuldast m.a. at det tar noko tid å få tilsett kvalifiserte stipendiatar. Høgskolen vurderer likevel tiltak for å redusere denne avsetjinga noko. Ein vesentleg del av resterande avsetjing er knytt til oppbygging av eigne doktorgradsutdanningar, kompetanseoppbygging og forsking.

*HiT skal etablere etiske retningsliner som dekkjer både den faglege og den administrative sida.*

Høgskolen har tidlegare fastsett etiske retningsliner for innkjøp og privat næringsverksemd, og for å hindre seksuell trakassering. I 2008 blei det fastsett retningsliner for god forskingspraksis og for behandling av mistanke om vitskapleg uærlegdom ved HiT. Desse skal vere ein del av dei samla etiske retningslinene for HiT, som vil bli ferdige i 2009.

*HiT skal følgje opp at regelverket for offentlege innkjøp og forvaltning av bidrags- og oppdragsprosjektet vert etterlevd fullt ut.*

Høgskolen meiner å ha god kontroll på dei store innkjøpa. Talet på kunngjeringar er lågt, og i 2008 kunngjorde høgskolen berre tre konkurransar. Fakturasystemet Contempus Invoice gjev god kontroll på fakturaene. Det er gjort tiltak retta mot bestillingsprosedyrane for å sikre at fakturaene inneheld nødvendige opplysningar. Høgskolen vil vente med ytterlegare tiltak til nytt bestillingssystem vert innført i 2009.

Styret har òg fastsett nye retningsliner for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet basert på nytt regelverk frå KD. Høgskolen har hatt fokus på forvaltninga i 2008, og vil prioritere ytterlegare tiltak i 2009 for å betre etterleving av regelverket. Høgskolen vedgår at det på dette området framleis er rom for forbetringar.

*HiT skal følgje opp eigen internkontroll, ref. reglement for økonomistyring i staten § 14 – relatert både til system og kvalitetsrutinar.*

Styret meiner at eigen internkontroll er tilfredsstillande, men at det framleis er rom for forbetringar.

Driftseiningane i høgskolen held seg i all hovudsak innanfor dei økonomiske rammene som til ei kvar tid gjeld. Rammene blir følgde opp ved jamleg statusgjennomgang ved driftseiningane, og institusjonen utarbeider økonomiske statusrapportar som blir styrebehandla saman med tertialrapportane. Det blir fokusert på prognose per 31.12. Ordninga med at styret fastset stillingsrammer for driftseiningane, medverkar til å sikre kontroll over lønskostnadene.

Styret er godt nøgd med system og rutinar for måloppnåing og resultatoppfølging. Det er likevel rom for forbetringar i oppfølginga av mål- og resultatkrav, og høgskolen arbeider aktivt for å forbetre dette. Ei eiga arbeidsgruppe har kome med framlegg om forbetringar i 2008, og dette arbeidet vil bli vidareført i 2009. I 2008 har implementering av system for risikostyring vore prioritert. I 2009 vil det bli arbeidd vidare med dette, og det skal vurderast å innføre eit databasert styringsverktøy.

System og rutinar knytte til rekneskap og informasjon om resultat er tilfredsstillande. Den same vurderinga gjeld òg i høve til at verksemda sine verdiar blir forvalta på ein forsvarleg måte, at ressursbruken er effektiv, og at økonomistyringa er organisert på ein tilfredsstillande måte.

Det blir arbeidd jamleg med å forbetre system og rutinar knytte til førebygging og avdekking av økonomisk kriminalitet. Økonomiseksjonen har fokusert på dette i 2008, og har m.a. prioritert auka kontroll av utbetalingsbilag. Det vil bli fokusert ytterlegare på dette i 2009.

## Eigendefinerte utvalde område

*HiT skal vidareføre arbeidet med verdiar og organisasjonskultur.*

Arbeidet med verdiar og organisasjonskultur har vore vidareført, dels gjennom arbeidet med ein ny personalpolitikk for høgskolen og dels gjennom arbeidet med ei medarbeidarundersøking. Den nye personalpolitikken har utgangspunkt i høgskolen sitt verdigrunnlag, som vart fastsett i 2007. Medarbeidarundersøkinga er bygd på eit konsept kalla MUSIK, der rapportar frå undersøkinga skal vere grunnlag for eit forbetringsarbeid i organisasjonseiningane. Alle leiarane i høgskolen har i 2008 fått opplæring i korleis eit slikt forbetringsarbeid kan gjerast. Oppfølgingsarbeidet er allereie starta i store delar av organisasjonen.

## Personalpolitikk

*Verksemdsmål 4.1*

*Høgskolen i Telemark skal føre ein aktiv arbeidsgjevarpolitikk som hjelper til å rekruttere og utvikle kompetanse som reflekterer oppgåvene og ansvarsområda til institusjonen.*

| **Styringsparameter** | **Resultat** | | | | **Resultatmål 2008** |
|---|---|---|---|---|---|
| | **2005** | **2006** | **2007** | **2008** | |
| Prosentdel første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar | 34 | 32 | 33 | 36 | 35 |

Som det går fram av tabellen, var prosentdelen første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar relativt stabilt i åra 2005, 2006 og 2007. Særleg med tanke på universitetsambisjonane til høgskolen er det eit mål å auke prosentdelen første- og toppstillingar. Med

bakgrunn i dette hadde høgskolen som mål å auke denne prosentdelen til minst 35 % i 2008. Resultatet for 2008 er 36 %, og målet for 2008 er såleis nådd. Høgskolen har likevel framleis for få tilsette i slike stillingar i høve til det som er ønskjeleg. Det vil derfor bli satsa ytterlegare på å auke talet på tilsette i desse stillingskategoriane, dels ved ekstern rekruttering og dels ved intern rekruttering gjennom m.a. eit eige program for kvalifisering til førstelektoropprykk.

*Verksemdsmål 4.2*

*Høgskolen i Telemark skal gjennom personalpolitikken sin medverke til eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.*

| **Styringsparameter** | **Resultat** | | | | **Resultatmål 2008** |
|---|---|---|---|---|---|
| | **2005** | **2006** | **2007** | **2008** | |
| Prosentdel kvinner totalt | 47 | 49 | 50 | 52 | Ikkje eige resultatmål |
| Prosentdel kvinner i faglege stillingar etter stillingskategori | 41 | 44 | 44 | 47 | Ikkje eige resultatmål |
| • professor | 11 | 27 | 19 | 23 | |
| • høgskoledosent | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| • førsteamanuensis | 26 | 29 | 33 | 35 | |
| • førstelektor | 21 | 34 | 27 | 29 | |
| • høgskolelektor | 53 | 51 | 54 | 56 | |
| • amanuensis | 19 | 14 | 17 | 20 | |
| • høgskolelærar | 61 | 65 | 61 | 64 | |
| **Styringsparametrar fastsette av høgskolen** | | | | | |
| Prosentdel kvinner i leiarstillingar | 35 | 32 | 34 | 34 | 40 |
| Prosentdelen kvinner i første- og toppstillingar | 21 | 28 | 28 | 30 | 30 |

Prosentdelen kvinner totalt i høgskolen og prosentdelen kvinner i dei faglege stillingsgruppene aukar. Totalt er auken frå 50 % til 52 % medan prosentdelen kvinner aukar frå 44 % til 47 % i faglege stillingar. Det er her gledeleg at auken også gjeld første- og toppstillingar. Talet er likt med målet på 30 % for 2008. Det er ein auke på to prosentpoeng frå året før og ei dobling sidan 2004.

Prosentdelen kvinner i leiarstillingar er ikkje endra frå 2007, slik at talet framleis er 34 %. Sidan denne gruppa er relativt lita, vil endring av kjønn i eit par av leiarstillingane vere nok til å nå målet på 40 %. Samstundes er det slik at mange leiarar i høgskolen er tilsette i åremålsstillingar for perioden 2007-2011. Det betyr at det vil vere få tilsetjingar og mindre rom for endringar i kvinnedelen i åra 2008-2010.

## Økonomiforvaltning

*Verksemdsmål 4.3*

*Høgskolen i Telemark skal syte for høg kvalitet i økonomiforvaltninga med fokus på god intern kontroll og effektiv ressursforvaltning som tek omsyn til dei strategiske prioriteringane til institusjonen.*

| **Styringsparametrar** | **Resultat** | | | | **Resultatmål** |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2008 |
| Resultat EFV – målt i tusen kroner | 539 | 72 | 389 | 291 | 500 |
| Styringsparametrar fastsette av høgskolen | | | | | |
| Merknader og kommentarar frå Riksrevisjonen | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader | 59,21 | 60,47 | 61,27 | 60,42 | 61,00 |
| Kostnader per produsert 60-studiepoengseining Korrigert for løns- og prisvekst | 122 781 | 119 306 | 117 856 | 120 306 | 121 561 |
| Kostnader per eigenfinansiert heiltidsekvivalent Korrigert for løns- og prisvekst | 94 841 | 98 012 | 97 755 | 98 662 | 99 302 |
| Kvm areal per eigenfinansiert student | 16,16 | 16,62 | 16,39 | 14,30 | 15,90 |

Totalt sett må økonomiforvaltninga ved høgskolen kunne seiast å vere tilfredsstillande, men det er enno område som det må arbeidast med for å auke kvaliteten. Dette gjeld til dømes utbetaling av overtidsgodtgjersle og andre variable tillegg, og problemstillingar knytte til bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA). Høgskolen gjennomfører m.a. jamlege interne økonomiforumsmøte der alle driftseiningane deltek med sikte på å betre økonomiforvaltninga. I 2008 har det vore fokusert spesielt på m.a. utbetaling av overtidsgodtgjersle, utbetaling av meirtid, avstemmingar, handtering av utbetaling til utanlandske arbeidstakarar og til sjølvstendig næringsdrivande, aktivering av eignelutar, innføring av ny versjon av rekneskapssystemet (Agresso 5.5), budsjettering og prognostisering, og innføring av eigenregistrering (ESS) i personal- og lønssystemet (SAP). Det er òg utarbeidd nye interne lønsrutinar.

Etter visse problem i ein oppstartsfase i byrjinga av 2008 fungerer SAP/ESS no svært tilfredsstillande.

Innføring av ny versjon av rekneskapssystemet er gjennomført svært tilfredsstillande.

Utfordringar knytte til avstemming mellom personal- og lønssystemet og rekneskapssystemet er i hovudsak løyste, og dette fungerer no tilfredsstillande.

Arbeidet med aktivering av eignelutar er i rute, og høgskolen presenter ein opningsbalanse i samsvar med KDs krav.

Høgskolen vil i 2009 spesielt sjå på tiltak for å forbetre budsjettering og oppfølging av bidrags- og oppdragsfinansierte aktivitetar.

Den interne budsjettfordelingsmodellen i høgskolen blei revidert i 2008. Budsjettfordelingsmodellen må i hovudsak kunne seiast å ivareta strategiske prioriteringar. Høgskolen har sett i verk tiltak for å betre sjølve

budsjettfordelings- og budsjettoppfølgingsprosessen. Det er m.a. stilt krav til at økonomisk status skal vere fast punkt på dagsorden i månadlege leiarmøte.

Med utgangspunkt i St.prp. nr. 1 vert det utarbeidd førebelse rammer til driftseiningane, og deretter blir det gjennomført eit plan- og budsjettseminar for å gå gjennom rammer og konsekvensar. Etter seminaret blir det utarbeidd eit budsjettfordelingsforslag som vert sendt på høyring til driftseiningane. Høgskolen har vidare utarbeidd eit langtidsbudsjett for perioden 2010 – 2013 som skal ivareta langsiktige økonomiske strategiske prioriteringar, og det er utarbeidd lønsemdsberekningar for kvart studieprogram. Desse tek omsyn til både inntekter og kostnader, byggjer på ein ABC-tankegang, og vil òg nyttast i strategiske prioriteringar. Følgjande tabell viser utvikling i omfang og resultat av den eksternt finansierte verksemda (ekskl. Forskinsgrådet) i perioden 2005-2008:

Tal i mill. kroner

| År | Omfang | Resultat |
|---|---|---|
| 2005 | 15,6 | 0,539 |
| 2006 | 11,8 | 0,072 |
| 2007 | 15,8 | 0,389 |
| 2008 | 18,2 | 0,291 |

Omfanget blei noko større i 2008 enn i 2007. Resultatet er likevel noko lågare enn resultatet i 2007 og resultatmålet på kr 500 000 i 2008. Høgskolen hadde per 31.12.08 ein verksemdskapital på kr 2 871 991 før resultatet frå 2008 er teke med. Når resultatet frå 2007 vert lagt til, er verksemdskapitalen på kr 3 127 483. Høgskolen arbeider aktivt for å auke både eksternt finansiert verksemd og tildeling frå Forskingsrådet. Styret har m.a. fastsett strategiar og tiltak for å auke omfanget innan desse områda, m.a. etablering av to forskingsklyngjer (innan gass- og energisystem og kultur- og kulturpolitikkforsking) og gjennomgang av det administrative støtteapparatet for bidrags- og oppdragsfinansierte aktivitetar med utpeiking av ansvarleg, administrativ eining i høgskolen for slike aktivitetar retta mot skolesektoren. Styret har òg fastsett nye retningsliner for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet.

Nivået på avsetjingar er redusert frå 31.12.07 til 31.12.08. Følgjande tabell viser utviklinga for perioden 2005-2008:

Tal i mill. kroner

| År | Avsetjing, ekskl. midlar frå Forskingsrådet | Midlar frå Forskingsrådet | Totalt |
|---|---|---|---|
| 2005 | 42,1 | 7,3 | 46,6 |
| 2006 | 39,4 | 4,4 | 43,8 |
| 2007 | 44,1 | 4,8 | 49,3 |
| 2008 | 36,4 | 3,3 | 39,7 |

Førebels rekneskap for 2008 viser eit forventa totalt mindreforbruk på 39,7 mill. kroner og eit mindreforbruk eksklusiv midlar frå Forskingsrådet på 36,4 mill. kroner. Avsetjingane eksklusiv midlar frå Forskingsrådet er redusert med om lag 7,7 mill. kroner i 2008 i høve til 2007. Høgskolen er etter måten nøgd med dette, og planlegg ein ytterlegare nedgang i 2009.

Høgskolen følgjer nøye utviklinga knytt til lønskostnadene sin del av totalkostnadene. Det er framleis eit press i arbeidsmarknaden, og høgskolen merkar aukande utfordringar knytte til både å rekruttere og halde på kvalifiserte medarbeidarar. Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader har vore relativt stabil, men gjekk noko ned frå 2007 til 2008.

Høgskolen meiner at løyvinga i 2008 er disponert i samsvar med strategiske føringar og politiske styringssignal.

## Anna rapportering

### Aktivitetskrav

Aktivitetskravet for sjukepleiarutdanninga vart oppfylt for studieåret 2007/2008. Avdelinga sine studentar avla 110,6 60-studiepoengseiningar, medan aktivitetskravet frå departementet var 111. For vernepleiar-utdanninga blei aktivitetskravet nesten oppfylt. Det blei avlagt 50,6 60-studiepoengseiningar, medan kravet var 55. Årsaka til noko manglande produksjon av 60-studiepoengseiningar for vernepleiarutdanninga er fordeling av studiepoeng på dei ulike emna i fagplanen. Eit delemne (30 stp) i første året i deltidsstudiet har eksamen først hausten i tredje semester.

### Rapport om styreforankring av risikostyring

Høgskolens styre fastsette i desember 2007 at risikostyring skulle takast i bruk på grunnlag av det opplegget som var utarbeidd, og som m.a. bygde på rettleiingane frå Senter for statleg økonomistyring. Styret blei òg involvert i risikovurderingar av ein del sentrale mål i årsplanen for 2008. Arbeidet med å utvikle denne metodikken vidare har halde fram i 2009, særleg ved at styret i november har fastsett høgskolens risikopolicy, ved at det er fastsett ein implementeringsplan som også omfattar innføring av risikostyring på avdelingsnivå, og ved at det er gjennomført intern opplæring i høgskolen. Nærare detaljar om risikopolicy, implementeringsplan og tidsplan er tilgjengeleg på høgskolens nettside http://www.hit.no/Om-HiT/Administrasjon/Risikostyring.

### Rapport om bruk av midlar til skolebasert lærarutdanning

KD løyvde kr 1 250 000 til HiT for 2008 til drift av prosjektet Skolebasert lærarutdanning (SL). Det aktuelle studentkullet er no godt i gang med andre studieår/prosjektår.

Rekneskapen viser ein saldo på kr 365 879 per 31.12.2008. Tilskot frå KD for 2009 er kr 430 000, slik at prosjektet totalt sett har ein rest på kr 795 879. Midlane vil bli brukte i 2009. Årsaka til avvik er forventa fakturaer som kjem til belastning våren 2009. Hovudsakleg er restbeløpet bunde opp i faktura frå Telemarkforsking-Notodden på del 2 av følgjeforskinga på ca. kr 200 000, utgifter på kr 140 000 til løn, og meirkostnad praksis på kr 383 000.

SL har andre studieåret etablert møtestader i form av fagdagar der praksislærarane, studentane og faglærarane treffest regelmessig. SL har etter dansk modell etablert trekantsamtalar mellom student, faglærar og praksislærar for å styrkje samanhengen mellom høgskole og praksisskole, og byggje ned og problematisere "motsetninga" mellom teori og praksis.

SL arbeider med ei tydelegare og utfyllande arbeidsdeling mellom høgskole og praksisskole der begge partar utforskar og utfordrar si rolle som lærarutdannar. SL freistar å etablere praksistett FoU-basert fagdrift i form av studentforsking. Våren 2008 gjennomførte studentane 10 dagar fleksibel praksis, der studentane var ute heile dagar på praksisskolen under rettleiing av praksislærar og faglærar.

Utbygd rettleiingsverksemd der praksisgrupper på fire får rettleiing av både praksislærar og faglærar etter behov, er ein del av prosjektet. SL arbeider med å utvikle vurderingskriterium på tvers av utdanningsstadene, t.d. felles vurdering av FoU-arbeid og GLSM-faget.

Status så langt er at prosjektet er godt i gang med interessante utfordringar i andre årssteg 2008/09 der studenten er gjennomsnittleg tre dagar på praksisskolen kvar veke. Prosjektet vert følgd av Telemarksforsking-Notodden, som kom med første delrapport i juni 2008 og kjem med andre delrapport i 2009.

Studentane er fordelte på fire faste praksisskolar, som vidarefører samarbeidet i 08/09. Studenttalet er no 12, noko som er lågare enn optimalt, men stort nok til at prosjektidéane kan prøvast ut.

**Tverrdepartementale fellesføringar (jf. Avsn. 2.7 i tildelingsbrevet for 2009)**

*Statsstøtte etter EØS-avtalens artikkel 61, jf artikkel 59 nr. 2*
Høgskolen kan ikkje sjå at det er område der verksemda, eller delar av verksemda, har brote regelverket etter artikkel 61. Det blir ikkje gjeve reine kapitaltilskot/subsidiar, tilskot til verksemder med vidare. Etter høgskolens vurdering er kryssubsidiering mellom høgskolen og konkurranseutsett verksemd det området som jamt må vurderast opp mot moglege brot på regelverket. Dette er knytt til bidrags- og oppdragsfinansierte aktivitetar som høgskolens tilsette utfører i konkurranse med andre private aktørar. Høgskolen har fastsett interne retningsliner for bidrags- og oppdragsfinansierte aktivitetar. I desse ligg det m.a. at høgskolens reelle indirekte kostnader skal dekkjast inn i slike aktivitetar. Dette inneber at tenester frå driftstenesta (m.a. husleige), IT-tenester, bibliotektenester og tenester frå fellesadministrasjonen skal dekkjast inn i dei aktivitetane som blir utførte. Som hovudregel skal det reknast eit påslag på minst 40 % av prosjektets lønskostnader til å dekkje indirekte kostnader.

*Miljøleiing i statlege verksemder*
Høgskolen sin handlingsplan for det ytre miljø er eit resultat av ein idédugnad der alle einingane blei invitert til å delta. Planen blei så behandla i LMU og Hoved-AMU før han blei diskutert i leiargruppa og vedteken av leiinga. Det er fastsett kva eining som er ansvarleg for implementering og oppfølging av den einskilde aktiviteten i planen.

I 2008 har høgskolen etablert ei heimeside for miljø med forslagskasse og ein miljøpris til det beste forslaget. Kjeldesortering er implementert på alle studiestader.

*Samfunnstryggleik og arbeid med beredskap*
Krisehandteringsplan for alvorlege ulukker og dødsfall blei utarbeidd i 1999 og revidert i 2006. Planen inneheld ei oversikt over sannsynlege kriser som kan skje, prosedyre for handtering av desse og rutinar for opplæring, medietrening og øvingar.

Ein studiestad har gjennomført ei beredskapsøving.

Ei systematisk oppfølging av krisehandteringsplanen er starta. Det er laga eit system med ein tidfesta plan for gjennomføring av lokale øvingar ved alle studiestadene, ei større øving som omfattar heile høgskolen, og førstehjelpskurs for alle tilsette.

*Arbeid med helse, miljø og tryggleik*
Høgskolen har hatt ekstra fokus på medarbeidarar og trivsel, og utvikling av det systematisk HMS-arbeidet har blitt prioritert.

Følgjande møte i arbeidsmiljøutval (AMU) er gjennomførte:

- 3 møte i hovud-AMU for HiT
- 3 møte i lokal-AMU Porsgrunn
- 4 møte i lokal-AMU Bø
- 5 møte i lokal-AMU Notodden
- 0 møte i lokal-AMU Rauland (grunna få tilsette blir eventuelle arbeidsmiljøsaker tekne på personalmøte kvar veke)

Det er lagt vekt på sosial samhandling og førebygging av belastingsskadar ved å gje tilbod om at éin time av arbeidstida per veke vert brukt til helsefremjande aktivitetar. Aktivitetane som er organiserte i regi av høgskolen, er sette i gang ved to studiestader og under planlegging ved ein tredje.

Det organisatoriske og nære arbeidsmiljøet er systematisk kartlagt ved gjennomføring av medarbeidarundersøkinga MUSIK. Basert på rapportane har leiarane i samarbeid med medarbeidarane laga konkrete planar med tiltak for det nære arbeidsmiljøet.

Det er utarbeidd eit rammeverk for framferd og handlemåte som det er ønskjeleg å styrkje ved høgskolen. For å førebyggje eventuelle konfliktar og hindre trakassering og mobbing, inkluderer rammeverket ein rutine for konflikthandtering. Det er òg fastsett retningsliner for varsling i høgskolen.

For å auke trivselen blant medarbeidarane er det i 2009 planlagt ein HMS-dag med tema: "Gode kollegaer og godt arbeidsmiljø".

Det fysiske arbeidsmiljøet er sikra ved gjennomføring av internkontrollrundar med vurderingar av risikotilhøve og tiltak ved dei fleste studiestadene.
Arbeid med å lage ei ny HMS-handbok for leiarar som oppfyller krava i arbeidsmiljølova og HMS–føresegna, har starta.

*Likestilling – aktivitets- og utgreiingsplikta*
Kjønnsfordeling

Høgskolen har om lag like mange tilsette kvinner og menn (52 % kvinner). Prosentdelen i faglege stillingar er og ganske jamn med 47 % kvinner. På Avdeling for helse- og sosialfag og Avdeling for teknologiske fag er det framleis skeiv kjønnsfordeling. I faglege første- og toppstillingar er det ein låg prosentdel kvinner (30 %), men denne aukar og er dobla sidan 2004.

Gjennomsnittleg løn kvinner og menn

| Løn per 01.08.08 | Kvinner | Menn | Løn kvinner i % av løn menn |
|---|---|---|---|
| Alle | 408 550 | 456 715 | 89 |
| Fagpersonale | 446 056 | 467 349 | 95 |
| Teknisk-adm. personale | 363 094 | 434 704 | 83 |
| Leiarstillingar | 554 209 | 568 838 | 97 |
| Professor | 552 790 | 581 526 | 95 |
| Førsteamanuensis | 481 425 | 474 409 | 101 |
| Høgskolelektor | 446 480 | 451 515 | 99 |
| Saksbehandlarar | 340 642 | 367 001 | 93 |
| Kontorstillingar | 285 222 | 306 000 | 93 |
| Bibliotekstillingar | 369 326 | 354 236 | 104 |
| Ingeniørstillingar | 375 754 | 395 772 | 95 |
| Reinhald/drift | 289 778 | 310 164 | 93 |

Tabellen viser gjennomsnittleg løn for kvinner og menn samla og for utvalde stillingskategoriar. Den syner relativt stor likskap i lønsnivå hos kvinner og menn blant fagpersonalet og i leiarstillingar. Mellom det teknisk-administrative personalet er ulikskapen noko større. Det kan forklarast med at det er fleire kvinner i dei lågast lønte stillingskodane.

Heiltids- og deltidstilsette

| | Kvinner | Menn | Totalt |
|---|---|---|---|
| Heiltidstilsette | 221 | 238 | 459 |
| Deltidstilsette | 98 | 53 | 151 |

Tabellen viser at det er om lag like mange kvinner og menn mellom dei heiltidstilsette, men om lag dobbelt så mange kvinner som menn mellom dei deltidstilsette. Høgskolen har ei utvikling mot færre deltidstilsette. Talet på deltidstilsette har minka med 17 kvinner og 8 menn sidan 2007. Talet på heiltidstilsette har auka med 16 kvinner og blitt redusert med ein mann. Blant dei deltidstilsette er det no 65 % kvinner.

*Integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn*
Talet på tilsette med innvandrarbakgrunn ved HiT per 1. januar 2008 var 32. Dette utgjorde 5,3 % av faste og mellombelse stillingar på det tidspunktet.

Arbeidet med å lage eit system som aukar talet på tilsette med innvandrarbakgrunn har starta. Det er enno ikkje fastsett eit konkret måltal for rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn.

Talet på personar med innvandrarbakgrunn per 1. januar 2009 var 31. Det utgjer 5,0 % av faste og mellombelse stillingar på det tidspunktet. Talet har såleis vore temmeleg stabilt frå 2008 til 2009.

# 3. Planar for 2009

## *3.1 Plan for verksemda i 2009*

### Sektormål 1

*Høgskolane skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.*

### Utdanning

*Verksemdsmål 1.0 (eigendefinert)*

*Høgskolen i Telemark (HiT) skal vere universitet innan 2013, anten åleine eller saman med andre.*

*Eigendefinerte styringsparameter:*

a) Det skal avklarast om planane for universitetsutvikling skal førast vidare med HiT som planfundament eller om universitetsambisjonane skal søkjast realiserte gjennom fusjon med andre institusjonar.

b) Avtalen med Universitetet i Agder om institusjonelt nettverkssamarbeid skal følgjast opp.

c) Fagleg fundert samarbeid med fagmiljø ved andre universitet og høgskolar skal styrkjast og vidareutviklast.

d) Det skal etablerast eit universitets-/kompetansefond i Telemark på 200 mill. kroner, med tilsegn om 50 mill. kroner ved utgangen av 2009.

e) HiT skal setje i gang doktorgradsstudium i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk.

f) HiT skal søkje Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) om akkreditering av doktorgradsstudium i kulturstudiar og i økologi.

g) HiT skal ha utarbeidd det andre plandokumentet for nytt doktorgradsstudium i helsefremjande arbeid.

h) Det skal setjast av interne strategiske satsingsmidlar til planlegging og realisering av doktorgrads- og mastergradsstudia, i takt med ekstern finansiering.

*Verksemdsmål 1.1*

*Høgskolen i Telemark skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnet sitt behov.*

*Kvantitative styringsparameter:*

a) Talet på primærsøkjarar per studieplass skal vere minst 1,66.

b) Talet på studietilbod i samarbeid med andre institusjonar skal vere 1.

c) Eigendefinert: Talet på primærsøkjarar i Samordna Opptak skal vere minst 2 400.

d) Eigendefinert: Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) skal auke frå 4 669 til 4 784.

## Læringsmiljø

<u>*Verksemdsmål 1.2*</u>

*Høgskolen i Telemark skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.*

*Kvantitative styringsparameter:*

a) Nye studiepoeng per eigenfinansiert student per år skal vere minst 44,4.

b) Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere 17,5.

c) Eigendefinert: Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar skal vere minst 3 950.

d) Eigendefinert: Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar skal vere minst 129.

e) Eigendefinert: Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar skal vere minst 700.

f) Eigendefinert: Talet på uteksaminerte kandidatar fordelte på følgjande prioriterte område skal vere minst slik dei går fram i parentes: sjukepleiarutdanning (95), vernepleiarutdanning (64), allmennlærarutdanning (80), førskolelærarutdanning (160) og ingeniørutdanning (100).

## Internasjonalisering

<u>*Verksemdsmål 1.3*</u>

*Høgskolen i Telemark skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som medverkar til auka utdanningskvalitet.*

*Kvantitative styringsparameter:*

a) Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande) skal auke frå 148 til 175.

b) Talet på framandspråklege utdanningstilbod skal vere 10.

c) Høgskolen ser det som lite realistisk å etablere fellesgrader (Joint Degrees) i samarbeid med utanlandske institusjonar i 2009. Høgskolen har likevel som mål å etablere 5 studietilbod med utanlandske institusjonar.

d) Eigendefinert: Omfanget av framandspråklege utdanningstilbod målt i studiepoeng skal liggje på 690.

## Evaluering

<u>*Verksemdsmål 1.4 (eigendefinert)*</u>

*Høgskolen i Telemark skal ha god studentdeltaking i evaluering av emne, infrastruktur og læringsmiljø.*

*Kvantitative styringsparameter:*

a) Eigendefinert: Prosentdel deltaking i evaluering av emne skal auke frå 32 til 40.

b) Eigendefinert: Prosentdel deltaking i evaluering av infrastruktur og læringsmiljø skal auke frå 17 til 40.

### Kvalitative styringsparameter

a) Gjere greie for høgskolens strategi for utvikling av fagporteføljen og fagleg profil, herunder vise kva avvegingar som blir gjorde når det gjeld breidd versus djupn, omsynet til små og utsette fag, relevans m.v.

b) Vurdere kvalitetssikringssystema, herunder korleis systema blir forankra i fagmiljøa, og gjere greie for korleis systema blir utvikla vidare.

c) Gjere greie for korleis kvalitetssikringssystema blir nytta strategisk i arbeidet for å auke kvaliteten i utdanninga, og for korleis NOKUTs avslutta evalueringar, revideringar og akkrediteringar blir følgde opp.

d) Gjere greie for strategi for arbeidet med internasjonalisering, inkludert forsking og utviklingsarbeid, og syne korleis dette medverkar til å utvikle den faglege verksemda og kvalitet i utdanningane.

e) Gjere greie for utviklinga av bindande samarbeid med institusjonar i spesialist- og primærhelsetenesta der studentane har praksis. Det omfattar òg kvalitetssikringa av studentane sin praksis.

f) Gjere greie for høgskolens oppfølging av NOKUTs evaluering av allmennlærarutdanninga.

g) Gjere greie for høgskolens oppfølging av NOKUTs evaluering av ingeniørutdanninga.

h) Gjere greie for tilrettelegging for studentar med nedsett funksjonsevne.

### Sektormål 2

*Høgskolane skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forsking og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.*

### Forskings- og utviklingsarbeid

*Verksemdsmål 2.0 (eigendefinert)*

*For å kunne realisere universitetsambisjonen skal Høgskolen i Telemark ha sterke miljø for FoU og kunstnarleg-kreativ verksemd som hevdar seg nasjonalt og internasjonalt, og særleg på dei områda der høgskolen har eller skal etablere doktorgrads- og mastergradsutdanningar.*

*Eigendefinert styringsparameter:*

a) Strategiske FoU-midlar på institusjonsnivå skal rettast inn mot doktorgrads- og mastergradsområda.

b) Det skal setjast av strategiske satsingsmidlar til
- Doktorgradsutdanning HiT-NTNU
- Doktorgradsstudium i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk
- Mastergradsstudium i fleirkulturelt førebyggjande arbeid med barn og unge
- Nettbasert master i formgjeving, kunst og handverk
- Senter for omsorgsforsking - Sør

*Verksemdsmål 2.1*

*Høgskolen i Telemark skal medverke til profesjonsretta forsking, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionen.*

*Kvantitative styringsparameter:*

a) Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal liggje på minst 0,25.

b) Tildeling frå Forskingsrådet per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere på minst 45 000 kroner.

c) EU-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (ikkje resultatmål).

d) Eigendefinert: Talet på publikasjonspoeng skal liggje på minst 75.

e) Eigendefinert: Talet på tilsette som vert utveksla via programavtalar, skal vere minst 85.

f) Eigendefinert: HiT vil arbeide for å doble bruken av TEORA for forskingspublikasjonar.

g) Eigendefinert: I samarbeid med andre institusjonar skal det etablerast ein fagfellevurdert publiseringskanal for kunstnarleg-kreativ verksemd.

## Kvalitative styringsparameter

a) Gje ein analyse av høgskolens arbeid for å styrkje profesjonsretta forsking og nyskapingsarbeidet i regionen.

b) Vurdering av korleis HiT betrar samarbeidet med nasjonal og internasjonal utdannings- og forskingsverksemd.

## Sektormål 3

*Høgskolane skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forsking og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultata. Høgskolane skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.*

## Formidling

*Verksemdsmål 3.1*

*Høgskolen i Telemark skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultata frå FoU-verksemda.*

*Kvantitative styringsparameter:*

a) Eigendefinert: Talet på formidling av fagleg, populærvitskapleg karakter skal aukast frå 47 til 50.

## Innovasjon og verdiskaping

*Verksemdsmål 3.2*

*Høgskolen i Telemark skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom innovasjon og verdiskaping.*

*Kvantitative styringsparameter:*

a) Omfanget av bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd skal auke frå 18,2 mill. kroner til 21 mill. kroner.

b) Talet på mottekne forretningsidéar skal vere minst 2.

c) Talet på nyoppretta selskap basert på mottekne forretningsidéar skal vere minst 1.

d) Eigendefinert: Resultat av bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd skal auke til minst 350 000 kroner.

## Kvalitative styringsparameter

a) Gjere greie for arbeidet for at innovasjon blir ein del av verksemda ved høgskolen.

b) Vurdering av korleis høgskolen legg til rette for at forskingsresultat og anna fagleg verksemd blir godt tilgjengeleg for ålmenta og samfunnet.

c) Gjere greie for arbeidet for å auke dei eksternt finansierte inntektene.

## Sektormål 4

*Høgskolane skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir stetta best mogleg innanfor ramma av disponible ressursar.*

## Personal- og økonomiforvaltning

*Verksemdsmål 4.1*

*Høgskolen i Telemark skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.*

*Kvantitative styringsparameter:*

a) Driftsutgifter per produsert 60-studiepoengseining korrigert for løns- og prisvekst skal ikkje vere over 121 000 kroner.

b) Driftsutgifter per publikasjonspoeng skal ikkje vere over 6,5 mill. kroner.

c) Høvetalet mellom vitskapleg og administrativt tilsette skal vere 61,0.

d) Eigendefinert: Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader skal haldast på noverande nivå (61 %).

e) Eigendefinert: Kostnader per eigenfinansiert heiltidsekvivalent korrigert for løns- og prisvekst skal ikkje vere over 99 000 kroner.

f) Eigendefinert: Areal per eigenfinansiert student skal ikkje vere over 14 kvm.

*Verksemdsmål 4.2*

*Høgskolen i Telemark skal gjennom personalpolitikken sin medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.*

| *Kvantitative styringsparameter:* |
|---|
| a) Prosentdel første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar skal auke frå 36 til minst 37 %. |
| b) Prosentdelen kvinner totalt og etter stillingskategori skal overvakast. |
| c) Eigendefinert: Prosentdel kvinner i leiarstillingar skal auke frå 34 % til minst 40 %. |
| d) Eigendefinert: Prosentdelen kvinner i første- og toppstillingar (faste tilsette i årsverk) skal auke frå 30 % til minst 32 %. |

*Verksemdsmål 4.3*

*Høgskolen i Telemark skal syte for høg kvalitet i økonomiforvaltninga. I dei strategiske prioriteringane skal det takast omsyn til god intern kontroll og effektiv ressursforvaltning.*

| *Kvantitative styringsparameter:* |
|---|
| a) Likviditetsgraden (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld) skal vere 1,85. |
| b) Avrekningar (tilgang/avgang i avsetjingar) skal vere minus 4 mill. kroner. |
| c) Eigendefinert: Det skal ikkje kome vesentlege negative merknader frå Riksrevisjonen. |

## Kvalitative styringsparameter

a) Vurdere korleis strategiske val i økonomisk prioritering og rekruttering underbyggjer faglege ambisjonar innan forsking og utdanning.

b) Vurdere korleis administrasjon og organisasjon er tilpassa strategiske faglege prioriteringar.

c) Gjere greie for styreforankring av viktige strategiske og operative avgjerder.

d) Vurdere høgskolens oppfølging av gjeldande regelverk for offentlege innkjøp og forvaltning av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet.

e) Vurdere høgskolens oppfølging av internkontroll, ref. reglement for økonomistyring i staten § 14 – relatert både til system og kvalitetssikringsrutinar.

## Eigendefinert kvalitativt styringsparameter

Høgskolen i Telemark skal leggje vekt på følgjande eigendefinerte område i 2009:

d) HiT skal følgje opp medarbeidarundersøkjinga som blei gjennomført hausten 2008.

## *3.2 Plan for tildelt løyving for 2009*

HiT har utarbeidd følgjande plan for disponering av tildelt løyving i 2009:

| **Inntekter/utgifter** | **Beløp (1000 kr)** |
|---|---|
| **Driftsinntekter** | |
| Av dette løyvingsfinansiert verksemd | 468 450 |
| Av dette andre driftsinntekter | 5 220 |
| Av dette eksternfinansiert verksemd | 17 348 |
| **Sum driftsinntekter** | 491 018 |
| | |
| **Driftskostnader** | |
| Av dette lønskostnader | 320 826 |
| Av dette innkjøp og påkostingar | 20 048 |
| Av dette husleige | 84 955 |
| Av dette andre driftskostnader | 65 189 |
| **Sum driftskostnader** | 491 018 |
| | |
| **Driftsresultat BFV** | 0 |
| **Driftsresultat EFV** | 500 |

Løyvingsfinansiert verksemd består av:

| | |
|---|---|
| Kapittel 275, post 50 | 312 359 000 |
| Kapittel 275, post 51 | 138 853 000 |
| Kapittel 275, post 52 | 17 238 000 |
| Totalt kapittel 275 | 468 450 000 |

Kapittel 281, post 01

- Ny modell for praksisretta allmennlærarutdanning 430 000
- Utstyrsmidlar tilknytt studieplassar i førskolelærarutdanninga 125 000
- Oppretting av 25 nye studieplassar i førskolelærarutdanninga i Drammen 687 500

Beløpet på kapittel 281, post 01, på kr 430 000 er knytt til ny modell for allmennlærarutdanning og skal brukast til skolebasert lærarutdanning, eit samarbeidsprosjekt mellom Notodden kommune og HiT. KD løyvde kr 700 000 i 2007 og kr 1 250 000 i 2008 til dette prosjektet.

Endringar i ramma frå 2008 til 2009 kjem fram slik:

- Det er lagt inn kr 19 507 000 i løns- og prisvekstkompensasjon, som er oppgjeven til å vere 4,4 %.

- Det er tildelt midlar til ei stipendiatstilling i budsjettet for 2009. Den nye stipendiatstillinga er lagt inn i budsjettramma med ein tredels effekt i 2009. Dei nye stipendiatstillingane tildelte i 2008 er lagde inn med heilårseffekt. Dette utgjer i sum kr 1 229 000.

- Høgare studiepoengproduksjon i 2007 enn i 2006 medfører at løyvinga er auka med kr 1 384 000. I tillegg er det trekt inn kr 1 375 000 som følgje av endring i talet på studieplassar. Dette gjeld heilårsverknad av tidlegare studieplassreduksjonar. Trekket gjev ein varig reduksjon av høgskolens basisløyving. HiT får ikkje ytterlegare studieplassinndragingar i 2009, men tar med seg ein reduksjon på 40 plassar frå 2006 (vernepleie - 30 og allmennlærarutdanning - 10).

- Gjennom den resultatbaserte FoU-komponenten, Resultatbasert omfordeling (RBO) i det nasjonale finansieringssystemet, fekk HiT ein auke i ramma på kr 876 000 sett i høve til løyvinga i 2008.

- Styrking av basisløyvinga med kr 4 451 000. Dette er ei tilbakeføring av den budsjettreduksjonen som universitet og høgskolar fekk i 2007 på nær 275 mill. kroner, og som utgjorde 4 mill. kroner for HiT. Beløpet på kr 4 451 000 er dei 4 mill. kronene justert for løns- og priskompensasjon.

Oppsummert tabellarisk kjem endringa i løyvinga frå 2007 til 2008 fram slik:

| **Tiltak** | **Beløp i kroner** |
|---|---|
| Løns- og prisvekstkompensasjon | 19 507 000 |
| Delsum | 19 507 000 |
| | |
| 1 ny stipendiatstilling + heilårseffekt av 3 frå 2008 | 1 229 000 |
| Auka tildeling studiepoeng | 1 384 000 |
| Endring studieplassar | -1 375 000 |
| Auka tildeling FoU-komponent | 876 000 |
| Styrkt basisløyving | 4 451 000 |
| Delsum | 6 565 000 |
| | |
| Totalsum | 26 072 000 |

Med bakgrunn i ovannemnde fekk HiT reelt sett ein nettoauke frå 2007 til 2008 på kr 6 565 000, men ein realauke på kr 5 336 000 når auken i stipendiatstillingar blir halden utanom.

Disponering av tildelt løyving i 2008, jf. S-sak 131/08 og S-sak 08/09, går fram av følgjande tabell, fordelt på avdelingane, fellestenestene, fellesdrift, øyremerkte tiltak, utviklingstiltak og reservepost:

| **Driftseiningar** | **Rammer** |
|---|---|
| Avdelingar | |
| AF | 75 609 000 |
| EFL | 95 055 000 |
| HS | 46 831 000 |
| TF | 47 457 000 |
| Fellestenester | |
| BIB | 13 569 000 |
| DR | 118 528 000 |
| FA | 22 849 000 |
| IT | 15 680 000 |
| Fellesdrift | 16 288 000 |
| Øyremerkte tiltak | 4 298 000 |
| Utviklingstiltak | 14 184 000 |
| Reservepost | 1 485 000 |
| Sum | 471 833 000 |

Summen består av løyvinga på kr 468 500 000 i 2009 og kr 3 383 000 som høgskolen vart løyvd i saldert statsbudsjett for 2008. Kr 3 383 000 vart tilført reserveposten i 2008, og tilført avdelingane i 2009 frå reserveposten i S-sak 131/08.

Den løyvde summen på totalt kr 1 242 500 på kapittel 281, post 01 kjem ikkje fram av tabellen over. Midlane er tilførde EFL, jf. S-sak 09/09.

I tildelingsbrev til den enkelte driftseininga er det presisert at:

- Disposisjonsreglement for 2009 skal leggjast til grunn.
- Vedteke studieprogram for avdelinga skal følgjast opp i 2009.

- Verksemda skal gjennomførast innanfor dei fastsette stillingsrammene.

Ved fordelinga av budsjettet kanaliserte styret særskilde ressursar til desse større strategiske satsings- og utviklingstiltaka i 2009:

| **Utviklingstiltak** | | | | **Til fordeling** |
|---|---|---|---|---|
| **Strategiske satsingstiltak** | | | | |
| *Universitetssatsing:* | | | kr | 6 540 000 |
| Doktorgradsutdanning HiT-NTNU | kr | 2 400 000 | | |
| Doktorgradsstudium i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk | kr | 2 600 000 | | |
| Mastergradsstudium i fleirkulturelt førebyggjande arbeid med barn og unge | kr | 640 000 | | |
| Nettbasert master i formgjeving, kunst og handverk | kr | 400 000 | | |
| Senter for omsorgsforsking - Sør | kr | 500 000 | | |
| | | | | |
| **Kompetanseutvikling** | | | | |
| FoU-permisjon/stipendpermisjon | | | kr | 1 428 000 |
| Førstelektorprogram | | | kr | 180 000 |
| Intern finansiering av dr. gradsutdanningane | | | kr | 932 000 |
| Kompetanseutviklingsplan | | | kr | 500 000 |
| Stipendordning for høgskolelærarar | | | kr | 600 000 |
| | | | | |
| **Felles utviklingstiltak** | | | | |
| Institusjonelt nettverkssamarbeid med UiA | | | kr | 100 000 |
| Desentralisert bibliotek Drammen | | | kr | 278 000 |
| Disposisjonsbeløp for rektor/direktør | | | kr | 300 000 |
| Etter- og vidareutdanning | | | kr | 300 000 |
| Fleksibel læring | | | kr | 90 000 |
| Internasjonalisering | | | kr | 1 495 000 |
| Kina-samarbeidet | | | kr | 240 000 |
| Kvalitetssikringssystem | | | kr | 0 |
| Likestilling | | | kr | 125 000 |
| Seniorpolitikk | | | kr | 125 000 |
| Miljøpris | | | kr | 5 000 |
| Skifte frå Mstas til FS | | | kr | 1 020 000 |
| Digitale telemarkskjelder | | | kr | 200 000 |
| Stimuleringsmidlar for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet | | | kr | 400 000 |
| Større utstyrskjøp og vedlikehald | | | kr | 4 366 000 |
| Utbyggingsfond | | | kr | 1 200 000 |
| Verkemiddel for regional FoU og innovasjon (VRI) | | | kr | 300 000 |
| | | | | |
| **Sum utviklingstiltak** | | | **kr** | **20 724 000** |

Samla sett meiner høgskolen at løyvinga er disponert i samsvar med føringar og politiske styringssignal og med sikte på at planane for 2009, slik dei går fram i dette dokumentet, kan realiserast.

Vedlegg 1

Høgskolen i Telemark

**Dato:**
januar 2009
**Risikovurdering utført på mål/tiltak:**
**1.0.d) Etablering av eit universitets-/kompetansefond**

| Kritiske suksessfaktorar | Risikofaktorar | Sannsyn | Konse-kvens | Risiko | Kontrollrutinar | Tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **KSF # 1** | | 1 - 5 | 1 - 5 | | | |
| **Finansielle bidrag til UniT** | **Manglande tru på/ kunnskap om høgskolen som nøkkelaktør i regionens utvikling.** | 2 | 4 | 8 | | Innarbeide ein ekstern strategi i strategisk plan.<br>Eksterne seminar både i tidleg og sein fase av arbeidet med strategisk plan.<br>Ekstern brukarundersøkjing på utvalde område.<br>Alliansebygging gjennom deltaking på uformelle og formelle møteplassar der målgruppene er. |
| | **Det er utydeleg kva universitetsstatus kan bidra med for å auke den enkelte organisasjons måloppnåing.** | 3 | 4 | 12 | | Skreddarsy bodskap til den enkelte potensielle bidragsytaren.<br>Same som over. |
| | **Låg økonomisk løfteevne og - vilje blant bidragsytarane.** | 4 | 4 | 16 | | Som over.<br>Nærare tiltak blir fastsette i prosjektplanen. |
| | **Manglande intern tru på at prosjektet kan lukkast.** | 3 | 2 | 6 | | Grundig involvering under utarbeiding av strategiske dokument. |
| | **For lite kunnskap om HiTs interne prioritering av ressursar.** | 3 | 3 | 9 | | Opplysningsarbeid - tiltak som over. |

Høgskolen i Telemark

**Dato:**

januar 2009

**Risikovurdering utført på mål/tiltak:**

**1.1.a)+c)+d) Søkjarar og studenttal**

| Kritiske suksessfaktorar | Risikofaktorar | Sannsyn | Konse-kvens | Risiko | Kontrollrutinar | Tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **KSF # 1** | | 1 - 5 | 1 - 5 | | | |
| **Attraktive og relevante tilbod** | **For dårleg omstillingsevne.** | 2 | 4 | 8 | Årleg styresak om studieporteføljen.<br>Evaluering gjennom kvalitetssikringssystemet. | Fullføre særskilt gjennomgang av studieporteføljen.<br>Fjølge opp konklusjonar, og avklare ansvar for dette.<br>Forbetre innhald i og bruk av kvalitetssikringssystemet. |
| | **For svak og lite oppdatert fagkompetanse.** | 2 | 4 | 8 | Årleg gjennomgang av personalsituasjonen.<br>Overvaking av bruken av sommarfullmakta.<br>Kvalitetssikring i tilsetjingsorgana.<br>Særskilt vurdering av kompetansen og kompetansebehovet i samband med gjennomgang av studieporteføljen. | Rekruttering av personale til doktorgradsprogramma.<br>Vidareføring av kompetansehevingstiltak. |
| | **For dårleg kunnskap om endra etterspurnad i arbeidsmarknaden.** | 2 | 3 | 6 | Arbeid i fagråd.<br>Formalisert og uformell brukarkontakt.<br>Følgje med på politiske signal. | Prøveprosjekt med alumniordning ved TF (Y-veien). |
| | **For dårleg kunnskap om endra etterspurnad mellom potensielle søkjarar.** | 2 | 3 | 6 | Analyse av reell søkning. | |
| **KSF # 2** | | | | | | |
| **God marknadsføring** | **For lite synleg marknadsføring.** | 2 | 3 | 6 | Rekrutteringsgruppa evaluerer årleg. | |
| | **Treff ikkje målgruppene.** | 2 | 4 | 8 | Blir analysert kvart år i samarbeid med byrå. | Tiltak blir fastsette ved kvar avdeling. |
| **KSF # 3** | | | | | | |
| **Godt omdømme** | **For dårleg kvalitet i undervisninga.** | 2 | 5 | 10 | Stud mag undersøkingar.<br>Studentevaluering.<br>Dialogmøte. | Forbetring av handtering av avvik i kvalitetssikringssystemet.<br>Gjennomføre kurs i høgskolepedagogikk. |
| | **For dårleg studentmiljø.** | 2 | 4 | 8 | Stud mag undersøkingar.<br>Dialog med SR, tillitsvalde m.v. | Eventuelle tiltak ved behov på avdelingane. |
| | **Dårlege eller utilstrekkelege lokale og utstyr.** | 2 | 4 | 8 | Røynsler gjennom romfordelinga. | Særskilt kartlegging av lokalsituasjonen i Porsgrunn. |
| | **For dårleg synleggjering av høgskolens kompetanse og verksemd.** | 3 | 4 | 12 | Forskdok. | Revisjon av høgskolens kommunikasjonsplan. |

Høgskolen i Telemark

**Dato:**

januar 2009

**Risikovurdering utført på mål/tiltak:**

**1.1.e), 1.2.a)+c)+d)+e) Studiepoeng og kandidatar**

| Kritiske suksessfaktorar | Risikofaktorar | Sannsyn | Konse-kvens | Risiko | Kontrollrutinar | Tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **KSF # 1** | | 1 - 5 | 1 - 5 | | | |
| **Inntakskvalitet** | **For dårleg søkning og for lite studenttal.** | 2 | 4 | 8 | Sjå risikovurdering knytt til verksemdsmål 1.1. | Vurderast for kvart fagområde. |
| | **For svake forkunnskapar.** | 2 | 4 | 8 | Følgjer i stor grad av søkninga. | Vurderast for kvart fagområde.<br>Handlingsplan for oppfølging av NOKUTs evaluering av ingeniørutdanninga. |
| **KSF # 2** | | | | | | |
| **Programkvalitet** | **For dårlege studie- og fagplanar, fagleg og pedagogisk.** | 1 | 4 | 4 | Kvalitetssikringssystem.<br>Evalueringar. | Setje i gang arbeid relatert til kvalifikasjonsrammeverk.<br>Vidareutvikle kvalitetssikringssystemet. |
| | **Svikt i forvaltning, organisering, planlegging og gjennomføring av studieprogramma.** | 1 | 5 | 5 | Som over. | Som over. |
| **KSF # 3** | | | | | | |
| **Undervisningskvalitet** | **Sviktande kvalitet på undervisning og rettleiing, lite effektive pedagogiske metodar.** | 2 | 5 | 10 | Som over. | Vidareutvikle kvalitetssikringssystemet, og særleg handteringa av avvik.<br>Høgskolepedagogikk. |
| | **Lite tenlege vurderingsformer.** | 2 | 2 | 4 | Sensurrutinar. | Vurdere dataverktøy for plagiatkontroll. |
| **KSF # 4** | | | | | | |
| **Rammekvalitet** | **Lite tenleg fysisk infrastruktur (lokale og utstyr)** | 2 | 4 | 8 | Røynsler gjennom romfordelinga. | Særskilt kartlegging av lokalsituasjonen i Porsgrunn. |
| | **Sviktande støttetenester (bibliotek, IT, studierettleiing).** | 1 | 4 | 4 | | |
| | **Sviktande service og informasjon til studentar.** | 2 | 3 | 6 | | Vurdere etablering av servicetorg i Porsgrunn. |
| | **Manglande velferdstiltak.** | 1 | 4 | 4 | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **KSF # 5** | | | | | | |
| **Systemkvalitet** | **Lite tenleg organisering av styring og leiing med tanke på å følgje opp studiekvalitet.** | **1** | **4** | **4** | | |
| | **Sviktande medverknad frå studentane.** | **3** | **3** | **9** | | Vurderast ved kvar avdeling - sjå tiltaksplanen. |
| | **Manglar i kvalitetssikrings- og avvikssystem, evalueringar og oppfølging.** | **4** | **2** | **8** | NOKUTs evaluering. | Gjennomgang av systemet i samband med NOKUTs evaluering. |
| **KSF # 6** | | | | | | |
| **Læringskvalitet** | **Svak motivasjon og sviktande læringsarbeid hjå studentane.** | **3** | **4** | **12** | Gjennomstrøyminga. | Vurderast i tiltaksplanane ved avdelingane. |

Høgskolen i Telemark

**Dato:**
januar 2009

**Risikovurdering utført på mål/tiltak:**
**1.3 Internasjonalisering**

| Kritiske suksessfaktorar | Risikofaktorar | Sannsyn | Konse-kvens | Risiko | Kontrollrutinar | Tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **KSF # 1** | | 1 - 5 | 1 - 5 | | | |
| **Talet på utvekslingsstudentar** | **For få avtalar.** | 1 | 4 | 4 | | |
| | **For dårleg tilpassing i studie- og fagplanar.** | 3 | 4 | 12 | Rapportering.<br>Årleg oppdatering av studie- og fagplanar. | Skaffe oversyn over korleis tilboda er klargjorde i planane, og syte for endring der det er manglar. |
| | **For lite informasjon til studentane.** | 2 | 3 | 6 | | Særskilte tiltak innanfor studierettleiing - ved avdelingane. |
| **KSF # 2** | | | | | | |
| **Talet på utreisande personale** | **For få avtalar.** | 2 | 3 | 6 | | |
| | **For lite ressursar avsett.** | 3 | 3 | 9 | Budsjettfordelinga. | Vurdere ambisjonsnivået nøye.<br>Søkje meir ekstern finansiering. |
| | **For svak motivasjon.** | 3 | 4 | 12 | Medarbeidarsamtalar. | Tema i utviklingsplanar for medarbeidarar. |

Høgskolen i Telemark

**Dato:**
januar 2009

**Risikovurdering utført på mål/tiltak:**
2.1.a)+d) Publikasjonspoeng

| Kritiske suksessfaktorar | Risikofaktorar | Sannsyn | Konse-kvens | Risiko | Kontrollrutinar | Tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **KSF # 1** | | 1 - 5 | 1 - 5 | | | |
| **Kompetanse** | **For få tilsette med førstestillingskompetanse.** | 3 | 4 | 12 | Årleg gjennomgang av personalsituasjonen.<br>Kvartalsvis drøfting av disponering av ledige stillingar i leiargruppa. | Sjå tiltak under 4.2. |
| | **Klarer ikkje å rekruttere og halde på forskingskompetent personale.** | 3 | 4 | 12 | Som over.<br>Overvake turnover. | Sjå tiltak under 4.2. |
| **KSF # 2** | | | | | | |
| **Forskingstid** | **Sviktande total ressurstilgang til høgskolen.** | 2 | 4 | 8 | Budsjettprosessen. | Iverksetje vedtatte strategiar for å auke NFR.tildelingar og EFV |
| | **Nedprioritering av midlar til FoU.** | 2 | 4 | 8 | Budsjettfordelinga på institusjons- og avdelingsnivå.<br>Årleg rapportering av aggregerte tal frå arbeidsplanane. | Sluttføre gjennomgang av studieporteføljen.<br>Vurdere innføring av nytt arbeidsplanverktøy.<br>Oppbygging av doktorgradsområde.<br>Etablering av 2 forskargrupper. |
| | **For lite differensiering i fordelinga av tid til FoU på arbeidsplanane.** | 3 | 3 | 9 | Arbeidsplanprosessane. | Aktiv oppfølging av styrevedtaket om å leggje vekt på tidlegare FoU-produksjon ved tildeling av FoU-tid. |
| **KSF # 3** | | | | | | |
| **Organisering og forskingsleiing** | **Lite målretta strategi og prioritering på institusjonsnivå.** | 2 | 4 | 8 | Årleg plan- og rapportarbeid. | Setje i verk vedtak om å opprette FoU-utval. |
| | **Svak oppfølging og støtte frå institusjonsnivå.** | 3 | 3 | 9 | | Regelmessig drøfting av FoU-saker i leiarmøta. |
| | **Manglande prioritering og oppfølging frå leiarar på avdelings- og instituttnivå.** | 3 | 3 | 9 | | Regelmessig drøfting av FoU-saker i leiarmøta. |
| | **Sviktande motivasjon for forsking og publisering hos tilsette.** | 2 | 4 | 8 | | |

| KSF # 4 | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Vitskapleg utstyr og infrastruktur** | **For lite tilgang på vitskapleg utstyr.** | **3** | **3** | **9** | Budsjettprosessen. | Vurdering i samband med revidert budsjett. |
| | **For dårlege lokale.** | **1** | **4** | **4** | | |
| | **For dårlege IT-tenester.** | **1** | **4** | **4** | | |
| | **For dårlege bibliotektenester.** | **1** | **4** | **4** | | |

Høgskolen i Telemark

**Dato:**

januar 2009

**Risikovurdering utført på mål/tiltak:**

**3.2.a) Eksternt finansiert verksemd**

| Kritiske suksessfaktorar | Risikofaktorar | Sannsyn | Konse-kvens | Risiko | Kontrollrutinar | Tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **KSF # 1** | | 1 - 5 | 1 - 5 | | | |
| **Kompetanse** | For svak fagkompetanse | 2 | 4 | 8 | Årleg personaloversyn | Sjå 4.2. |
| | For lite relevant fagkompetanse | 2 | 4 | 8 | | |
| | For svak forretnings- og prosjektkompetanse | 3 | 4 | 12 | | Vurdere intern opplæring |
| **KSF # 2** | | | | | | |
| **Fagleg kapasitet** | Arbeidsplanane er fylde | 3 | 4 | 12 | Oppfølging av arbeidsplanane | Bruk av oppdragsstillingar<br>Differensiere bruken av arbeidsplanane |
| **KSF # 3** | | | | | | |
| **Marknadskontakt** | For liten kunnskap om og kontakt med marknaden | 3 | 4 | 12 | | Vidareutvikle fagråda |
| | Svak motivasjon for oppdragsakkvisisjon | 3 | 4 | 12 | | Ta opp som tema i personalmøte ved institutta |
| **KSF # 4** | | | | | | |
| **Organisering og leiing** | For lite leiarfokus, uklår strategi og prioritering | 3 | 4 | 12 | | Avklaring av kva typar EFV HiT kan og vil satse på |
| | Organisatoriske hindringar | 3 | 4 | 12 | | Setje i verk endringar i sentral organisering og rolledeling<br>Setje i verk endra lokal administrativ organisering<br>Følgje opp avtalane med randsoneinstitusjonane |
| | Administrative flaskehalsar | 3 | 4 | 12 | | Kompetanseheving innan prosjektstyring, evt nytt prosjektstyringsverkty |

Høgskolen i Telemark

Dato:

januar 2009

Risikovurdering utført på mål/tiltak:

4.2.a) Førstestillingar

| Kritisk suksessfaktor | Risikofaktorer | Sannsyn-lighet | Konse-kvens | Risiko | Kontrollrutiner | Tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **KSF # 1** | | 1 - 5 | 1 - 5 | | | |
| **Rekruttere nytt personale** | **For få søkjarar med førstestillingskompetanse.** | 3 | 4 | 12 | Halde oversyn over kompetansesituasjonen, spesielt på dr.gradsområda i faste møte på avdelingane.<br>(Rapportar frå DBH og Easycruit) | Vurdere omgjering av stillingar.<br>Vurdere andre annonseringskanalar som treffer internasjonalt.<br>Ta i bruk faglege nettverk aktivt. |
| **KSF # 2** | | | | | | |
| **Behalde kompetent personale** | **Høg gjennomsnittsalder.** | 4 | 4 | 16 | Jamlege møte mellom avdelingsleiing og PO direktør. | Differensiere tiltak for seniorar som har nøkkelkompetanse.<br>Greie ut seniorstipend. |
| **KSF # 3** | | | | | | |
| **Utvikle tilsettes kompetanse** | **Manglande interne stipendordningar.** | 3 | 3 | 9 | Regelmessig evaluering av stipendordningane. Kartleggje kompetansebehov ved avdelingane. | Differensiering og utviding av eksisterande ordningar.<br>Utvikle øyremerkte stipendordningar til kvinner. |
| | **Mangelfull praktisering/oppfølging av eksisterande stipendordningar.** | 3 | 3 | 9 | Dekan og instituttleiar følgjer opp medarbeidarar som har stipendpermisjon jamleg med dialog og gjennom arbeidsplanordninga. | Leiarutvikling gjennom rettleiing/samtale mellom dekan og instituttleiar.<br>Følgje opp MUSIK-rapportane. |

Høgskolen i Telemark

**Dato:**
januar 2009
**Risikovurdering utført på mål/tiltak:**
4.3.b) Avrekningar

| Kritiske suksessfaktorar | Risikofaktorar | Sannsyn | Konse-kvens | Risiko | Kontrollrutinar | Tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **KSF # 1** | | 1 - 5 | 1 - 5 | | | |
| **Budsjettering** | **Budsjett er ikkje lagt inn pr. 1. mars 2009.** | 4 | 2 | 8 | Kontroll av innlagde budsjett pr. 1. mars 2009. | |
| | **Budsjetta for endra tildelingar ila året blir ikkje lagde inn snart nok etter endring.** | 4 | 3 | 12 | Økonomiseksjonen kontrollerer at tildelingane er lagde inn.<br>Blir sjekka ved tertialrapportering. | Fastsetjing av frist på 10 dagar frå mottak i tildelingsbreva for 2009. |
| | **Budsjetta er for lite gjennomarbeidde.** | 3 | 4 | 12 | Blir sjekka ved tertialrapportering (påløpt ift budsjettert) | |
| **KSF # 2** | | | | | | |
| **Oppfølging av budsjetta** | **Avvik blir ikkje oppdaga.** | 1 | 5 | 5 | | Tilrådd prosedyre gitt i tildelingbrev for 2009. |
| | **Avvik blir ikkje følgde opp med tiltak.** | 3 | 5 | 15 | Blir sjekka ved tertialrapportering. | Tilrådd prosedyre gitt i tildelingbrev for 2009. |
| | **Prognostisering pr. 31.12 er for dårleg.** | 3 | 5 | 15 | Blir sjekka ved tertialrapportering. | |

Høgskolen i Telemark

# TENTATIVE DEFINISJONER

| | Sannsynlighet | Kan forstås slik.. |
|---|---|---|
| S=5 | svært stor | Det er overhengende fare for at det inntreffer. |
| S=4 | stor | Det er klar sannsynlighetsovervekt for at det skjer. |
| S=3 | moderat | Det er omtrent like sannsynlig at det skjer som at det ikke skjer. |
| S=2 | liten | Det er klart mest sannsynlig at det ikke inntreffer. |
| S=1 | svært liten | Det er forsvinnende liten fare for at det inntreffer. |

| | Konsekvens | Kan forstås slik… |
|---|---|---|
| K=5 | svært stor | **Katastrofal.** Vil medføre at målet ikke blir nådd, hvis ikke tiltak iverksettes straks. |
| K=4 | stor | **Alvorlig**. Setter måloppnåelsen i fare - men det er fortsatt håp dersom nødvendige tiltak iverksettes. |
| K=3 | moderat | **Betydelig.** Et reelt problem som må håndteres - men det lar seg trolig gjøre. |
| K=2 | liten | **Merkbar.** En merkbar hindring, men ikke avgjørende for måloppnåelsen. |
| K=1 | svært liten | **Ubetydelig.** En liten strek i regninga, men truer ikke måloppnåelsen. |

| S * K = | **Risiko** | **Kan forstås slik…** |
|---|---|---|
| 15-25 | Høy til kritisk | Fra "Det er fare på ferde" til "Det ser håpløst ut" |
| 4-12 | Moderat | Fra "Det er noen mindre hindringer" til "Det er betydelige vansker" |
| 1-4 | Lav | "Dette går på skinner - "Det ser ut til å gå greit". |
| | **Risiko** | **Behov for tiltak** |
| 15-25 | Høy til kritisk | Det er absolutt nødvendig å sette i verk tiltak som kan få risikoen ned. Alternativt må målet endres, utsettes eller oppgis. |
| 4-12 | Moderat | Det bør settes i verk nye tiltak, eller innsatsen må intensiveres. I så fall er det godt mulig å nå målet. |
| 1-4 | Lav | Det er neppe behov for nye tiltak - men vi følger med på utviklinga. |

# Risikokart


Sannsynlighet
Svært stor (5)
Stor (4)
Moderat (3)
Liten (2)
Svært liten (1)
Svært liten (1)
Liten (2)
Moderat
Stor (4)
Svært stor (5)
Konsekvens
Risiko
Høy
Moderat
Lav

Høgskolen i Telemark

Vedlegg 2

# RAPPORT

## Evaluering av allmennlærerutdanningen ved Høgskolen i Telemark – Oppfølgingsplan

**30.01.09**

## Innledning

Hovedutfordringene i NOKUT- rapporten kan formuleres slik:

- Tydeligere ledelse i allmennlærerutdanningen
- Tydeligere profesjonsretting
- Klarere forventninger og krav til studentenes arbeid
- Gjennomgang av innhold og organisering av pedagogikkfaget
- Videreutvikling av fagdidaktisk profil i enkeltfag
- Integrasjon av fagstudier, fagdidaktikk, pedagogikk og praksis
- Mer praksisnær og forskingsbasert utdanning
- Drøfting av hva fagdidaktikk, profesjonsretting og praksisnærhet betyr

Avdeling for estetiske fag, folkekultur og lærerutdanning (EFL) har fom studieåret 2006/2007 arbeidet med disse spørsmålene, som er sammensatte og griper inn i hverandre. På sett og vis er utfordringene og arbeidet med dem del av studieprogrammets naturlige drift.

Rapporten følger punktmarkering i Oppfølgingsplanen vedtatt av styret ved Høgskolen i Telemark (HiT) 22.02.2007, og er delt i del A - tiltak knyttet til hovedrapporten og del B – tiltak knyttet til institusjonsrapporten. Oppgitte frister er det styret ved HiT har som vedtatt.

**Del A - Hovedrapporten**

1.1
**Tiltak:** Rammeplanens kompetanseområder bør inkluderes og konkretiseres i institusjonens utdanningsprogram.
**Frist:** 01.03.07.
**Status:** Tiltaket er delvis utført og vises i årlige fagplanrevisjoner, sist desember 2008. Rammeplanens kompetanseområder dekkes både av undervisningsforlagt aktivitet i praksisskolen og på høgskolen.

1.2
**Tiltak:** Forskingstilknyttingen i utdanningen bør styrkes og knyttes sterkere til grunnskolens erfaringsområder (2 tiltak).
**Frist:** Løpende.
**Status:** Tiltak 1 som prioriterer FoU-aktivitet knyttet til praksis, er utført. Tiltak 2 som omhandler mer ressurser til administrativ og faglig oppfølging av FoU-arbeid er ikke gjennomført i studieåret 2008/2009, men er planlagt gjennomført i studieåret 2009/2010 med frikjøp/tilsetting av FoU-koordinator i 50 % stilling.

2.1
**Tiltak:** EFL skal innføre et tettere oppfølgingssystem av studenter gjennom tiltak i prosjektene 60+ og i Skolebasert lærerutdanning (2 tiltak).
**Frist:** 15.08.07.
**Status:** Skolebasert lærerutdanning begynte studieåret 2007/2008 og fortsetter studieåret 2008/2009. Tiltak i prosjektet 60+ fra 2007 er inkorporert i prosjektet Skolebasert lærerutdanning, der studentene i gruppe får oppfølging av kontaktlærer. Trinndifferensiering blir et tiltak i forbindelse med ny lærerutdanning.

2.2
**Tiltak:** Innføring av læringssamtaler.
**Frist:** Oppstart innen 31.12.07.
**Status:** EFL gjennomfører læringssamtaler i studieåret 2008/2009 i enkeltfag og har etablert kontaktlæreropplegg i alle fag- og emnegrupper.

2.3
**Tiltak:** Etablere eksterne kontakter når det gjelder bruk av karakterer.
**Frist:** 01.08.08.
**Status:** Gjennomført. EFL nytter karakterpaneler organisert av UHR og viderefører eksternt sensurprogram.

2.4
**Tiltak:** Endre internt eksamensreglement med strengere krav til studieprogresjon.
**Frist:** Innført.
**Status:** Internt eksamensreglement er revidert og strengere krav til studieprogresjon er gjennomført. Tydeligere arbeidskrav er gjennomført i semesterplanene fom høsten 2007. Fortsetter studieåret 2008/2009. 30 sp valgfag går over to semester fom studieåret 2009/2010 med kreditering av 15 sp ved eksamen eller arbeidskrav ved halvgått studieløp.

3.1
**Tiltak:** Kompetansehevingstiltak for å øke kvalifisering til førstestillinger.
**Frist:** 31.12.07.
**Status:** Ordningen med tildeling av veiledningsressurser for kvalifisering til førstelektor har vært videreført i 2008. Dette året har til sammen elleve tilsatte fått tildelt veiledningsressurser fra ordningen. Av disse er fem tilknyttet EFL.

4.1
**Tiltak:** Utvikle fungerende samarbeidsstrukturer mellom fagavdelinger, fagansatte og øvingslærere (2 tiltak).
**Frist:** Igangsatt.
**Status:** Tiltak 1, som er prosjektet Skolebasert lærerutdanning, pågår og avsluttes som pilot studieåret 2009/2010. Tiltak 2, som er Helproff-prosjektet, ble avviklet våren 2007, og vurdert som et tiltak som måtte finne nye former. Tiltaket fortsetter i nye former i prosjektet Likeverdig samarbeid studieåret 2008/2009.

4.2
**Tiltak:** Praksis bør bli et felles ansvar mellom utdanningen og praksisskolene. Tiltak 1 er prosjektet Skolebasert lærerutdanning. Tiltak 2 er Helproff-prosjektet, som er avløst av Likeverdig samarbeid.
**Frist:** Igangsatt (se pkt 4.1).
**Status:** Praksis er et satsingsområde i prosjektene Skolebasert lærerutdanning og Likeverdig samarbeid, der felles ansvar og rolleavklaring mellom studieprogram ved høyskolen og aktivitet på praksisskole er et nøkkelelement. Begge tiltak fortsetter. Praksis som fellesansvar er en stor utfordring, der effekten først kan måles over tid.

Skolebasert lærerutdanning er underlagt følgeforsking. Telemarksforsking-Notodden leverte første forskingsrapport juni 2008. Del to, som tar opp i seg prosjektets hovedfase studieåret 2008/2009, er ventet sommeren 2009. Tilbakemeldinger så langt er overveiende positive både fra studenter og øvingslærere. Aktiviteten i praksisskole og høyskole er tilsynelatende bedre integrert, og praksisskole er mer involvert i lærerutdanningsrollen enn tidligere. I første delrapport konkluderer Telemarksforsking-Notodden med at Skolebasert lærerutdanning *"har funnet en organiseringsform som er formålstjenlig for prosjektet. Det er skapt nye møteplasser for praksisskolene, studentene og høyskoleansatte blant annet gjennom jevnlige møter, felles fagdager og trepartsamtaler.(...). Utfordringen videre i andre studieår er om denne organiseringsmodellen vil sikre en bedre sammenheng mellom teori og praksisundervisningen".* Denne sammenhengen søkes nå etablert i driften av obligatoriske studiefag der studenten er involvert i høgskoleforlagt og praksisskoleforlagt undervisning. Til tross for relasjonell gevinst, har prosjektet så langt imidlertid ikke framvist noen betydelig rekrutteringsgevinst. Faglige mål i prosjektet er planlagte. Rekruttering er uansett en potensiell bi-effekt. Status er nå 12 studenter i andre året av Skolebasert lærerutdanning og 13 studenter i første året av Skolebasert lærerutdanning. Dette er lavere enn optimalt, men tilstrekkelig til å prøve ut prosjektideene.

4.3
**Tiltak:** Praksisbok som sikrer individuell vurdering og praksis, bør innføres.
**Frist:** 01.08.07.
**Status:** Tiltaket er delvis gjennomført, på den måten at praksislærer har innsynsrett i praksisdokumentasjon på trinnet under og kan danne seg et bilde av studentens praksistilbøyelighet over tid. Obligatorisk individuell praksis er ikke gjennomført pga kostnadene. Individuell vurdering er gjennomført.

4.4
**Tiltak:** Styrke den fagdidaktiske delen av fagene og klargjøre pedagogikkfagets funksjon og posisjon i utdanningen (3 tiltak).
**Frist:**
Tiltak 1, som er Skolebasert lærerutdanning, hadde oppstart 15.08.07
Tiltak 2, som er revisjon av fagplaner, hadde frist 01.03.07
Tiltak 3, som er sterkere fagdidaktisering, hadde oppstart 15.08.07.

**Status:**
Tiltak 1, som er Skolebasert lærerutdanning, pågår og er en fagdidaktisk tydeliggjøring gjennom samarbeid høgskole og praksisskole.
Tiltak 2, som er synliggjøring av fagdidaktiske elementer, pågår i faktisk undervisning og vises i fagplaner.
Tiltak 3, som er sterkere didaktisering med vekt på flerfaglige didaktiske emner, er til utprøving i Skolebasert lærerutdanning. Studiefaget GLSM prøver ny eksamensmodell våren 2009 der studenten blir vurdert i fellesskap av øvingslærer og faglærer i klasserommet. Nasjonalt råd for lærerutdannings innstilling om pedagogikkfagets rolle i ny lærerutdanning desember 2008 blir vurdert i arbeidet med ny lærerutdanning ved HiT. I dette vil pedagogikkfagets funksjon og posisjon bli endret.

4.5
**Tiltak:** Minimum 50 % av FoU-ressursene bør knyttes til grunnskolens utvikling og undervisning. Se pkt 1.2.
**Frist:** Ikke angitt.
**Status:** Tiltaket er gjennomført.

4.6
**Tiltak:** Involvere studentene i aktuell FoU-aktivitet ved institusjonen.
**Frist:**
Tiltak 1, som er mer praksistett FoU-basert fagdrift, hadde oppstart 01.08.08.
Tiltak 2, som er innføring av FoU-oppgave, hadde oppstart 01.03.08.
**Status:**
Tiltak 1 om mer praksistett FoU-basert fagdrift er gradvis introdusert og under prøving i prosjektet Skolebasert lærerutdanning i studieåret 2008/2009.
Tiltak 2, som er innføring av obligatorisk FoU-oppgave som del av studieprogrammet, er utredet våren 2008 og innføres fra og med studieåret 2009/2010 med obligatorisk bachelorgradsoppgave i alle valgfagsemner på tredje årstrinn.

5.1
**Tiltak:** Klargjøre lederansvar og eventuell revisjon av stillingsomtaler.
**Frist:** Ikke angitt.
**Status:** Instruks for kontaktlærer er revidert i avdeling. Instruks for kontaktlærer er funksjonell og plasserer en del grunnleggende former for studentkontakt i systemet. Avdelinga vurderer bruk av kontaktlærer som en nødvendig del av kontakten mellom studenten og hennes møte med faget. Det er imidlertid ikke enkelt å påvise at bruk av kontaktlærer i seg sjøl fører til øyeblikkelig fall i frafallet. Avdelinga vurderer likevel bruk av kontaktlærer som et viktig virkemiddel for å heve studenttrivsel og kontrollere frafall. Anvendelsen av kontaktlærerskapet må vedlikeholdes over tid, men som systematisert studentkontakt er tiltaket nødvendig.

5.2
**Tiltak:** Utvikle oppfølgingssystemer med rapportering med bestemte indikatorer.
**Frist:** 31.12.2007.
**Status:** Dette tiltaket er ikke i gjennomført i 2007. Anskaffelse av og drift av et slikt system er under vurdering med sikte på anvendelse i løpet av 2010.

5.3
**Tiltak:** Videreføre samarbeidstiltak mellom Avdeling for allmennvitenskapelige fag og Avdeling for estetiske fag, folkekultur og lærerutdanning.
**Frist:** Løpende.
**Status:** Dette er et samarbeid som pågår, men som må utvikles videre i forbindelse med HiTs pågående arbeid med å utvikle en ny lærerutdanning.

5.4
**Tiltak:** Etablere lærerutdanningsforum i samarbeid mellom studentorganisasjonene og instituttene ved EFL.
**Frist:** 01.12.07.
**Status:** Eget lærerutdanningsforum ved EFL er ikke etablert. Et slikt forum er imidlertid ensbetydende med den kontinuerlige diskusjonen om profesjonsbegrep, pedagogikk og fagdidaktikk som pågår i studieveimøter, personalmøter og trinnmøter. Fagdidaktikk blir belyst i egenaktivitet i fag og fellesmøter med eksterne og interne foredragsholdere.

5.5
**Tiltak:** Antall allmennlærerstudenter utenfor studiested Notodden fryses på nåværende nivå.
**Frist:** 01.12.07.
**Status:** Tiltaket er gjennomført.
Allmennlærerutdanningen ved HiT har lav gjennomstrømning. Tiltak for å stabilisere eller bedre gjennomstrømmingen er knyttet til nøkkelgrep i prosjekt Skolebasert lærerutdanning, så som kontaktlærerskap, praksis distribuert jevnt ut over og tidlig i studieløpet, forholdet mellom studentaktivitet og undervisningsaktivitet ved høyskolen og på praksisskolen.

De høye stryktall i de obligatoriske fagene matematikk og norsk skyldes nok flere forhold, så som krevende fag og lav studieintensitet, varierende inntakskvalitet, obligatoriske fags potensielle utfordring med individuell motivasjon og varierende undervisningskvalitet. Av disse faktorene er det kun den siste EFL egentlig kan kontrollere. Evalueringer av de to nevnte fagene viser at studentene ikke oppfatter at undervisningen har lav kvalitet, snarere tvert imot. Undervisningskvalitet er alltid et underliggende tema som vurderes når faggruppene legger semesterplaner.

Fullføringsgrad for studenter som har prøvd seg på andre lærerutdanninger på Notodden, er pt ikke kjent.

FAL-studiet, som er et nettbasert deltidskurs, legger om modellen fra og med studieåret 2009/2010 med færre fag pr år, kortere samlinger, og mer og annerledes bruk av nett. Obligatorisk norsk og matematikk organiseres over ett år etter tur, dvs det blir høyere studieintensitet enn i dag. Arbeidsomfanget i studiet blir på denne måten ikke nødvendigvis mindre, men mer konsentrert og oversiktlig.

**Del B - Institusjonsrapporten**

6.1
**Tiltak:** Styrking av programprofil med klarere praksisforankring og knytta til trinninnretning med alderspesialisering.
**Frist:** 15.08.07.
**Status:** Tiltak på avdelingsnivå med klarere praksisforankring er gjennomført i Skolebasert lærerutdanning, og vurderes videreført til resten av studieprogrammene når evaluering av Skolebasert lærerutdanning foreligger. Klarere praksisforankring knyttet til trinninnretning antas å bli mer fremtredende i den nye lærerutdanningen.

7.1
**Tiltak:** EFL skal utarbeide egen forskningsstrategi rettet mot lærerutdanningen generelt.
**Frist:** 31.12.07.
**Status:** EFL har ikke vurdert egen forskingsstrategi for lærerutdanningen som hensiktmessig, men mener at behovet dekkes av de generelle og lokale strategiene.

8.1
**Tiltak:** Etablere forum for drøfting av profesjonsbegrep, pedagogikk og fagdidaktikk.

**Frist:** Løpende.
**Status:** Aktiviteten gjennomført på studievei og personalmøter.

9.1
**Tiltak:** Bedre kommunikasjonen og samarbeidet med praksisskolene og gjennomføre partnerskapsavtaler med de meste sentrale kommuner for øvingsundervisning og samarbeid om FoU-arbeid.
**Frist:** 01.06.07.
**Status:** Tiltaket pågår i prosjekt Skolebasert lærerutdanning og Likeverdig samarbeid. Elementer i dette vurderes spredt til hele utdanningsprogrammet 2009/2010 og 2010/2011 når følgeforsking fra Telemarksforsking-Notodden foreligger.